

# ØKONOMIPLAN 2008 - 2011

## **Innhold:**

INNLEIING .....	1
MÅLSTYRING OG KVALITETSSIKRING .....	6
KOMMUNENØKONOMIEN .....	9
KOMMUNEN SINE RAMMEVILKÅR .....	11
TENESTEOMRÅDA .....	18
INVESTERINGAR.....	27

## **Vedlegg**

**Hovedoversyn**

**Investeringsbudsjettet – taldel**

**Notat vedr forskottering Fylkesvegar**

**Stillingsoversyn**

**Talbudsjett**

**Betalingssatsar og avgifter på kommunale tenester**

## INNLEIING/SAMANDRAG

### Den økonomiske stoda

Stord er tatt ut av registeret for betinga godkjenning og kontroll (ROBEK). Større inntekter og eit omfattande spare- og omstillingsprogram har gjort at underskotet vart dekt inn i 2006.

Ei varig styrking av kommunen sin økonomi og handlefridom føreset positive netto driftsresultat, realistiske driftsrammer og ei stram økonomistyring.

Kommunen er framleis i ein økonomisk svært pressa situasjon. Grunnen til dette er nye behov som melder seg og som har ført til styrking av enkelte tenester siste året, sterk auke i løner og pensjonar og kraftig vekst i renter og avdrag. Det knyter seg i tillegg store forventningar om tiltak knytt til ulike vedtekte planar. Det er urealistisk å forvente at inntektsveksten dei siste 2 åra vil vara ved. Regjeringa presiserer i sitt forslag til statsbudsjett at veksten i kommunesektoren sine inntekter vert redusert neste år i høve det som forventast på rekneskap 2007.

Kommunen sine forventa inntekter for 2008 kompenserer ikkje fullt ut for den sterke veksten i løner, pensjonar og renter. Budsjettet tek i hovudsak utgangspunkt i opphavelag vedtekte budsjett for 2007, dvs at styrkingstiltak vedteke i samband med revidert budsjett i juni 2007 delvis må reverserast. Samstundes er det viktige budsjettområde som ikkje får auka løyvingar. Særleg vedlikehaldet burde vore styrkt. Her er etterslepet stort.

Kommunen si lånegjeld er høg. Utifrå ei økonomisk betraktning burde den ikkje auka meir. Det er likevel vanskeleg å unngå at dette skjer i perioden med utbygging av ny ungdomsskule. Auka lånegjeld vil igjen auka rente- og avdragsutbetalingane. I tillegg vil nye investeringar som regel medføre nye driftsutgifter. Kommunen har gjennomført eit høgt investeringsnivå dei siste 8 – 10 åra finansiert ved låneopptak, øyremerka statlege finansieringsordningar, sal av eigedom og aksjar. Kommunen må i større grad innstille investeringsprogrammet framover på at det er samsvar mellom avdrag og opptak av nye lån. Dette gjeld særleg investeringar finansiert av dei såkalla frie inntektene.

Stord kommune har ikkje konsesjonsavgifter, og har heller ikkje innført eigedomsskatt. Dermed er det inntektssystemet for kommunane som gir ramma for kommunen sin økonomiske handlefridom. Det kommunale inntektssystemet skal først og fremst sikre kommunane nødvendige inntekter til å finansiera lovpålagde kjerneområde gjennom eit system for korreksjon av ulike sosiale faktorar og kostnadsfaktorar, og gjennom ei utjamning av skatteinntekter. For Stord verkar inntektssystemet slik at det er lite til overs til føremål som ikkje er strengt lovpålagde, til dømes renter og avdrag, kulturføremål, næringsutvikling, vedlikehald og samferdsle. Inntektssystemet sikrar ikkje eit likeverdig testetilbod i ulike kommunar.

#### *Statsbudsjettet*

Kommunen sine frie inntekter består av rammetilskot og skatteinntekter. Desse utgjer omlag 70 pst av dei samla inntektene.

Det kommunale skatteøret vert ettet Regjeringa sitt forslag redusert frå 12,25 til 12,05. Det er gjennom dette tiltaket at Regjeringa vil redusera veksten i kommunane sine skatteinntekter.

Statsbudsjettet inneber ein reell vekst i øyremerka overføringar til kommunesektore på 4,4 mrd kr. Den største delen er knytt til barnehagar og til psykisk helsearbeid. Det er sett av 0,3 mrd til auka timetal i grunnskulen.

### *Sterk auke i pensjonspremieane*

Det vert rekordauke i pensjonspremieane frå 2007 til 2008. Årsaka er blant anna at grunnpremien som kommunane skal betale vert høgare enn før, og at forlenga forventade levealder for pensjonistane for første gang vert justert i reknestykket. På toppen av dette er det forventade eit kostbart lønsoppgjer.

For Stord er det varsle ein auke i pensjonsinnbetalinga frå 47 mill kroner i 2007 til 61 mill i 2008. Rekneskapsreglane er slik at dette får full likviditetseffekt for kommunen i 2008. Kommunen kan imidlertid skyva ein vesentleg del av utgiftene føre seg i rekneskapsplanen gjennom fordeling over 15 år. For kommunane er det arbeidsgjevar som sit med heile risikoen. Tilsette betalar 2 prosent av løna som pensjonsinnskott, uansett kva som skjer med dei totale kostnadene. Det må forventast at tilsette sin andel vert forhandlingstema mellom partane til våren.

### *Investeringsprogram og lånegjeld*

Investeringsprogrammet er sterkt prega av Nordbygda ungdomsskule. Budsjettet på kr 102 mill (faste 2007 – prisar) vil halda. For investeringane elles er marknadssituasjonen slik at det rår uvisse for framdrift og kostnadsrammer. Kostnadsoverslaga er oppjustert som følgje av prisutviklinga i byggmarknaden.

Lånegjelda vil auka som følgje av eit høgt investeringsnivå. Dermed vil rente- og avdragsutgiftene auke. Det generelle rentenivået er i tillegg høgare enn det me har hatt dei siste åra. Gjeldssituasjonen vert vurdert seinare mot nøkkeltal.

I investeringsbudsjettet er det ikkje innarbeidd nye midlar til bustader for personar med utviklingshemming og andre som må ha tilpassa bustad. Slike prosjekt vert fremja i egne saker med finansiering og opplegg for drift. I hovudsak vert prosjekta løyst gjennom særlege finansieringsordningar, som og inkluderer husleigestønad og statstilskot som Regjeringa har foreslått gjeninnført. Det kan vera aktuelt å realisera nye husvære gjennom ei burettslagsløyving.

Næringsområdet Heiane Vest vil verta fremja som eiga sak med eit opplegg for finansiering og gjennomføring i 2008. Det er sett av ei løyving på kr 1.0 mill i 2008 til vidare planlegging.

Når det gjeld løyvingar til veg- og trafikksikringstiltak vert det vist til seinare kommentarar. Jensanesvegen, Verftsvegen, Rommetveitsvegen er omtalt i eit eige notat som ligg ved budsjettet. På grunn av ønske om å få samkøyrte vegprosjekta med saneringstiltak for veg, vatn, og avløp samt ei gassleidning mot Eldøyane (Verftsvegen) vert det lagt fram ei eiga sak om desse prosjekta. Vatn-, avløp og gassdelane i prosjekta er finansiert. Fylkeskommunen er ansvarleg for vegprosjekta. Finansieringsbehovet for vegprosjekta er totalt ca 56 mill kroner eks. mva. Dette er midlar som i dag ikkje finns på det fylkeskommunale vegbudsjettet.

Det er behov for ny bru over Podlen til Grunnvågen. Prosjektet er ikkje kalkulert. I tillegg føreset utbygging av omlag 120 regulerte tomter over Almås innmark at det vert etablert ein ny/oppgradert veg inn i området. Ingen av prosjekta er det sett av løyvingar til.

Sunnhordland Lufthamn har behov for investeringar. Det er sett av 1.0 mill kroner årleg. Dette finansierer berre ein del av behovet. Rådmannen reknar med at lufthamna sin framtidige status vert avklart seinast i samband med Stortinget si behandling av Nasjonal Transportplan i 2008.

### **Låginntektskommune**

Statistisk Sentralbyrå har plassert kommunane i 16 grupper etter folkemengd og økonomiske rammevilkår. Stord tilhøyrer gruppe 7, ei gruppe med "34 mellomstore kommunar med låge frie disponible inntekter og låge bundne kostnader per innbyggjar".

B u n d e kostnader per innbyggjar er mål på kommunen sine kostnader for å innfri minstestandardar og lovpålagde oppgåver. Dei bundne kostnadene avspeglar variasjonar i befolkningssamansetning,

sosiale tilhøve og busettingsmønster. Dei vert fastsett i kostnadsnøklane i kommunane sitt inntektssystem. I 2008 er utgiftsbehovet for Stord berekna til 93 prosent av landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøklane vart sist endra i 2002/2003. Kommunen taper 5 -6 mill kroner årleg på endringa som vart innført.

Frie disponible inntekter per innbyggjar er mål på kor mykje inntekter kommunen har til rådvelde etter at dei bundne kostnadene er dekkja, og gir eit bilete av kommunen sin økonomiske handlefridom. Frie disponible inntekter er det beløpet kommunen skal ha til overs for mellom anna renter, avdrag, samferdsleformål, kulturføremål og næringsutvikling.

I f rie inntekter (som er skatt og rammetilskot, eksklusive eigedomsskatt og konsesjonsavgifter) per innbyggjar disponerte Stord i 2006 kr 25 271. Beløpet kan samanliknast med gjennomsnittsinntekter og inntektene til nokre nærliggjande kommunar :

	Frie inntekter per innbyggjar	Skilnad (mindreinntekter for Stord) i kr per ib.	Skilnad (mindreinntekt) for kommunen
<b>Stord</b>	25 271		
<b>Gjennomsnitt gruppe 7</b>	25 929	658	11.1 mill
<b>Gjennomsnitt for landet utanom Oslo</b>	29 051	3 780	64.2 mill
<b>Kvinnherad</b>	30 988	5 717	97.1 mill
<b>Bømlo</b>	29 152	3 881	65.9 mill
<b>Os</b>	25 061	- 210	- 3.5 mill
<b>Odda</b>	34 403	9 132	155.2 mill
<b>Bergen</b>	27 677	2 406	40.9 mill

Det er urealistisk å forventa “likhet i tenestetilbod” mellom kommunar så lenge inntektsføresetnadene er så urimeleg store som dei er. Tala er ikkje korrigerert for berekna utgiftsbehov, differensiert arbeidsgjevaravgift eller eigedomsskatt og konsesjonsavgift. Slike korreksjonar aukar stort sett skilnadene.

#### *Omlegging av inntektssystemet*

Regjeringa arbeider med ei omlegging av inntektssystemet. Endringane vert fremja i Kommuneproposisjonen for 2009. Det vert mellom anna sett på ei løysing med sterkare utjamning av skatteinntektene. For Stord kan dette på sikt slå positivt ut. Kostnadsfaktorane, jamfør kommentar ovanfor, vert ikkje vurdert denne gangen

#### **KOSTRA-nøkkeltal for 2006**

Med utgangspunkt i KOSTRA-tal for 2004 og 2005 er det i samarbeid med konsulentfirmaet AGENDA utarbeidd analysar og vurderingar av økonomi, tenesteproduksjon og ressursbruk i Stord samanlikna med utvalde kommunar. Samanliknande informasjon om ressursbruken og effektiviteten i ulike delar av tenesteproduksjonen, i administrasjonen og i forvaltninga gir nyttige referansar i styringssamanheng. Rapportane har vore aktivt nytta i omstillingsarbeidet.

Nedanfor er gitt eit utval nøkkeldata frå 2006. Fleire finns i kommune si Årsmelding 2006 og på [www.ssb.no](http://www.ssb.no)

	Stord	Gjn.snitt landet kommunegruppe 7	Landsgjn.sn. utanom Oslo
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	270 509	240 696	260 492
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3.4	4.7	5.2
Administrativ styring og fellesutgifter, netto driftsutgifter per innb	2 365	2 665	2 926
Tilrettelegging og hjelp for næringslivet, netto	214	113	125

driftsutgifter per innb			
Grunnskuleundervisning per elev, brutto driftsutgifter	49 311	52 724	56 144
Lønsutgifter til grunnskule, per elev	50 017	50 977	54 138
Andel elevar i grunnskulen som mottek spesialundervisning	6.1	5.0	5.9
Sosialtenesta, netto driftsutgifter per innb 20 – 66 år	2 214	1 564	2 236
Barnevernstenesta, netto driftsutgifter per ib 0 - 17 år	3 404	3 185	4 396
Kommunehelsetenesta, netto driftsutgifter	1 250	1 167	1 301
Pleie- og omsorgstenesta, netto driftsutg.	8 235	7 953	10 533
Kultursektoren, netto driftsutgifter	1 161	971	1 342
Fysisk planlegging, netto driftsutgifter	200	119	170
Årsgebyr vassforsynig	2 063	1 773	2 141
Årsgebyr for avløpstenesta	2 658	2 607	2 537
Årsgebyr for avfallstenesta	1 499	1 758	1 936
Brannvern, netto driftsutgifter	396	387	466
Energibruk (fyring og belysning)	593	621	761

#### *Kommentarar:*

Kommunen si netto lånegjeld er relativt høg.

Kommunen har relativt låge utgifter til administrasjon og politisk styring. Utgiftene til grunnskuleundervisning per elev er relativt låge, medan lønsutgiftene per elev nærmar seg snittet blant kommunane i gruppe 7. Andelen elevar som mottek spesialundervisning ligg over snittet i gruppe 7.

Kommunen har høge sosialutgifter, og utgiftene til barnevern ligg noko over gjennomsnittet i gruppa. Utgiftene netto til pleie- og omsorgstenesta ligg vesentleg under landsgjennomsnittet, men noko høgare enn gjennomsnittet i gruppe 7. Her spelar inn at kommunen enno har ei relativt ung befolkning, slik at samanlikninga ikkje er god. Alderskorrigerte samanlikningar syner at Stord har eit forholdsvis høgt forbruk av pleie- og omsorgstenester.

Nettoutgiftene til fysisk planlegging, dvs reguleringsplanar og byggesøknader, er høge samanlikna med andre. Kommunen nyttar ikkje sjølvkostprinsippet fullt ut.

Gebyra for avgiftsområda avvik i sum lite frå gjennomsnitt. Kommunen sitt energiforbruk ligg noko under det som er vanleg i kommunane.

#### **Etikk, verdiar og organisasjonsbygging**

Gjennom organisasjonsutviklingsprosessen som er gjennomført siste året, tett kopla til eit leiarutviklingsprogram, er det definert sentrale organisasjonsprinsipp og ein overordna verdiplattform: *ein brukarorientert, open, nyskapande og kompetent organisasjon.*

Dette er vedvarande og målretta prosessar som skal til på alle nivå for å forankra og vidareutvikla dei overordna verdiar, haldningar og etiske køyrereglar som organisasjonen skal leggja til grunn for si verksemd. Det er eit sentralt leiaransvar på alle nivå å følgja opp desse prosessane.

Etikk og omdøme er tema i det pågåande leiarutviklingsprogrammet. Det vert utarbeidd eit revidert grunnlag for kommunen sine leiaravtalar.

Kommunen står framfor eit generasjonsskifte blant sine leiarar. Det vil i 2008 verta lagt fram eit leiarutviklingsprogram spesielt retta mot nye leiarar.

## MÅLSTYRING OG KVALITETSSIKRING

Dette kapitlet omhandlar kommunen sine mål, strategiar, satsingsområde i økonomiplanperioden.

### KOMMUNEPLAN 2004 – 2015 - Saman om utvikling og velferd

Kommunestyret har i 2006 vedteke kommuneplan fram til 2015 med desse satsingsområda-

- **Byutvikling**  
Stord kommune skal vidareutviklast som regionsenter og kommunikasjonsknutepunkt. Ein skal fokusera på lokale senterfunksjonar og intern rolledeling mellom Leirvik, Heiane og Sagvåg.
- **Estetikk, miljø og trivsel**  
Stord kommune er eit inkluderande samfunn der mangfald, kunnskap og trivsel skaper optimisme og utvikling. Kommunen legg vekt på estetikk, miljø og kultur som grunnlag for ei slik utvikling.
- **Næring og sysselsetting**  
Stord kommune skal vera ein leiande kommune i å tilby stabile og forutsigbare rammer for næringslivet. Ha god infrastruktur som styrkjer kommunen som regionsenter og ha gode tilbod innan tenester, utdanning, aktivitet og oppleving.
- **Oppvekst**  
Barn og unge i Stord får utvikla talenta sine, opplever meistring i kvardagen og styrkjer fagleg, mellommenneskeleg og kulturell kompetanse. Førebyggjande og helsefremjande tiltak for barn og unge vert vektlagt.
- **Areal**  
Oppnå aksept og støtte i befolkninga for innføring av berekraftig arealbruk for heile kommunearealet og spesifikke miljøby-prinsipp for sentrumsområda. Kommuneplanen inneheld bindande føresegner for arealdelen i kommuneplanperioden.

### Økonomiplanperioden 2008 – 2011.

Viktige prosjekt/prosessar som rådmannen vil følgja opp.

- Vidareutvikling av kompetanse, system og rutinar for kvalitet og økonomistyring
- IKT-verktøy for å sikra effektivitet, kvalitet og nye nettenester.
- Balansert målstyring og årshjulet
- Gjennomgang og revisjon av risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) og beredskapsplanar
- Revisjon av kommunen sin klima- og energiplan
- Universell utforming som grunnlag for all planlegging og utbygging
- Arbeidsgjevpolitik (rekruttering, sjukefråvære og arbeidstidsproblematikk, kompetanse, leiarutvikling)
- Service og sakshandsaming.
- Effektiv samordning av tenester og dialog med brukarane.

### Målekart

Systemet for resultatmåling av den kommunale verksemda (balansert målstyring) fastset resultatmål innanfor områda brukarar, økonomi, medarbeidar og organisasjonsutvikling kvart år. Det overordna målekartet set resultatmål for kommunen samla.

Rådmannen vil presisera at systema er under utvikling.

## Brukarar

Må lukkast med	Teikn på om me har lukkast	Målemetodar	Resultat		
			Resultat	Ynskt	Nedre
Relevant og tilpassa informasjon	1. Stord kommune har oppdatert heimeside som gir 5 *(stjerne) i Noreg.no sine målingar	Noreg.no	4 *	5 *	4 *
	2. Gir god service på nett, telefon, e-post,	Forbrukarrådet.no	65	80	75
	3. Brukarar av tenester er nøgde med informasjonen	Brukarundersøking	4,3	4,5	4.0
Godt samarbeid og brukarmedverknad	Nøgde brukarar	Brukarundersøking	4,7	5	4.5
Ha god kvalitet på tenestene	1. Brukarane er generelt nøgde med kvaliteten på tenestene.	Brukarundersøking	4.5	4.5	4.0

Kommunane sine heimesider vert kvart år vurdert av Noreg.no. 6 stjerner (\*) er topp karakter. Forbrukarrådet har ei undersøking kvart 2. år der dei måler kommunen på heimeside, telefon og e-post. Rådmannen meiner at dette er relevant målemetode når det gjeld informasjon, i tillegg til at det vil kunna målast gjennom brukarundersøkingar. Resultata som er vist i målekartet er frå sistebbrukarundersøkingar og viser svara i skala 1 – 6, der 6 er best. Dei områda som inngår i undersøkinga er barnehagar, psykisk helse og sosialtenesta.

## Økonomi

Må lukkast med	Teikn på om me har lukkast	Målemetodar	Resultat		
			Resultat	Ynskt	Nedre
God økonomistyring	Samsvar mellom budsjett og rekneskap	Avviksrapport		0% eller betre	

I 2006 var resultatet for kommunen positivt med eit netto driftsresultat på 3,4 %. Inntektene til kommunen er likevel slik at god økonomistyringa framleis må vera eit absolutt krav.

## Medarbeidarar

Må lukkast med	Teikn på om me har lukkast	Målemetodar	Resultat		
			Resultat	Ynskt	Nedre
Eit ivaretakande og godt arbeidsmiljø	1. Tilfredse medarbeidarar	Medarbeidarundersøking	4.7	4.7	4.0
	2. Redusert sjukefråvær	Sjukefråværs-rapport	8,7 %	7 %	7,5 %
Fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarane får nødvendig og relevant kompetanseutvikling	Medarbeidarundersøking	3.9	4.0	3.5
	Samsvar mellom kompetanse og oppgåver	Medarbeidarundersøking	4.8	4.8	4.5

Leiarar som viser respekt, syter for medverknad og gir tilbakemelding.	Medarbeidarane er nøgde med næraste leiar	Medarbeidarundersøking	4.5	4.6	4.4
--	---	------------------------	-----	-----	-----

Tidlegare resultat i brukarundersøking har vore gjennomgåande positive. Ny medarbeidarundersøking vert gjennomført hausten 2007. Det er og eit mål å redusera sjukefråvære. Det er eige satsing på dette gjennpom prosjektet Fokus-Stord, sjå omtale under Driftsstyret sitt ansvarsområde. Trivsel og kvalitet forsterkar kvarandre. I ei tid med konkurranse om arbeidskrafta, er utvikling og arbeidsmiljø verkemiddel for rekruttering.

### Organisasjon

Må lukkast med	Teikn på om me har lukkast	Målemetodar	Resultat		
			Resultat	Ynskt	Nedre
Leiarar som legg til rette for utvikling	Oppleving av fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarundersøking	3.8	4.0	3.5
Det er høg grad av samarbeid og samordning i tenestene	Brukarane opplever eit samordna tenestetilbod	Brukarundersøking	3.8	4.0	3.3

Stord kommune skal stå for kvalitet, samordning og utvikling. Det er ikkje så enkelt å finna målemetodar og måleindikatorar for dette. Rådmannen meiner likevel at målemetodane overfor kan gje ein viss peikepinn.

### Samfunnsutvikling (oppfølging av kommuneplan).

Det skal i 2008 leggjast fram eit notat som viser oppfylging av kommuneplanen og delplanar, til dømes kommunedelplan for Leirvik.

Det er vedteke eige styringsdokument for oppvekst.

Dokumentet konkretiserer delmåla for oppvekst, og dei vil verta vidareført i handlingsplanane for 2008 i aktuelle einingar.

### Andre målsetjingar/planar/prosjekt.

Rådmannen har fylgjande mål for gjennomføring av tiltak i 2008 som ikkje ligg i målekart.

1. Forprosjektet for stab/støtte organisering er ferdig pr 31.03.08 og eventuelle endringar vert sett i verk innan 01.09.08
2. Verdigrunnlaget skal vera gjennomgått og forankra i heile organisasjonen.
3. Det skal vera inngått nye leiaravtalar med alle einingsleiarar
4. Pleie- rehabilitering og omsorgsplan skal vera ferdig utarbeidd for politisk godkjenning og strategival gjennomgått i organisasjonen og brukargrupper
5. Alle skular, elevar og alle lærarar nyttar digital læringsplattform ( class fronter) i arbeidet sitt.
6. Fleire tenester på nett. Ferdig ny strategiplan for kommunen si IKT utvikling.
7. Einingane har pr 10.10.08 utarbeidd oppdaterte tenesteomtaler på Stord kommune si heimeside
8. Klima og energiplan er revidert og lagt fram for politisk handsaming
9. Implementere ny versjon av kommunen sitt rekneskap-, løn og personalsystem (Agresso 5.5)
10. Førebygging og samordning innan oppvekst. Aktuelle einingar samarbeider om målbare tiltak innan områda språkutvikling/lese- skrivekunnskap, fysisk aktivitet og helse, sosial meistring. Samarbeid med føresette er del av tiltaka.



## KOMMUNEØKONOMIEN

### Indikatorar for økonomistyring

Dei rammene som rådmannen legg opp til i økonomiplan 2008 – 2011 kan oppsummerast i nokre sentrale nøkkeltal, som samla indikerar om kommunen sin økonomi utviklar seg i rett retning og seier noko om kommunen sin handlefridom i åra som kjem.

*Netto driftsresultat bør vere om lag 2-3% av samla driftsinntekter, avhengig av naudsynte avsetningar og investeringar.*

	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Netto driftsresultat</b>	6 221	6 914	-4 604	-1 210	3 640
<b>i %</b>	0,88	0,90	-0,60	-0,15	0,46

Eit slikt driftsresultat vert ikkje nådd i økonomiplanperioden.

*Utviklinga i lånegjelda til ikkje rentable investeringar: ( med ikkje rentable investeringar meinast investeringar der kapitalutgiftene vert dekkja av frie inntekter).*

Lånegjeld	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Mill 2008 kr</b>	253 942	299 111	359 995	383 776	410 758
<b>Endring i året</b>	30 600	45 169	60 884	23 781	26 982
<b>Eigenfinansiering i %</b>	36,3	28,9	21,2	21,0	20,5

Auken i 2008/2009 skuldast utbygging av Nordbygda ungdomsskule.

For ikkje rentable investeringar bør eigenfinansieringa vere på minst 40%

I gjennomsnitt er eigenfinansieringa i desse investeringane 22,9 %.

*Disposisjonsfond bør vere minst 20 mill kr ( 3% av inntektene) for at kommunen kan takle svingingar i finansinntektene og skatteinntektene.*

Disposisjonsfond	2007	2008	2009	2010	2011
<b>i 1000 kr</b>	15 208	15 153	11 780	10 855	14 780

Fondet vert ikkje å bygd opp med dette budsjettframlegget, men nytta til å dekke budsjettert underskot i 2009 og 2010.

*Netto kapitalutgifter ( rente- og avdragsutgift minus finansinntektene) er eit nøkkeltal som bør følgjast nøye:*

Netto kapitalutgifter	2007	2008	2009	2010	2011
<b>i 1000 kr</b>	27 780	35 526	45 418	53 246	57 997
<b>Endring i året</b>	15 008	7 746	9 892	7 828	4 751

Oversikta syner utviklinga i kapitalutgiftene for kommunen si samla lånegjeld. Summen inkluderer budsjettert avkastning av kraftsalfondet.

Kapitalutgiftene aukar kraftig i perioden, noko som heng saman med sterk auke i lånegjelda samt eit høgare rentenivå enn tidlegare år.

## Oppsummering

Kommunen sin økonomi er svak. Høgt investeringsnivå med stor grad av lånefinansiering til ikkje rentable prosjekt kombinert med auke i pensjonskostnad, inndekning av premieavvik samt sterk vekst i aktivitetsnivået innafor tenestemråda pleie og omsorg og spesialundervisning i skulen fører til at kommunen sin handlefridom vert svekka i økonomiplanperioden.

I tillegg til dette krev gjennomføring av det ambisiøse investeringsprogrammet stram økonomisk styring i heile økonomiplanperioden.

## KOMMUNALE RAMMEFØRESETNADER

### Folketalsutvikling

#### Folketalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga av denne.

Folketalet pr 01.07 2007 var på 16941.

#### Prognose for folketalsutvikling dei neste åra

Det som har særmerka folketalsutviklinga i kommunen er :

- Fødselstala betyr mest for folkeauken, men er synkande
- Talet på døde er relativt lågt, men vil framover auke
- Fødseloverskotet vil bli redusert i åra framover
- Yngre befolkning enn gjennomsnittskommunen, men gjennomsnittsalderen er aukande.

Det skjer årleg ei stor inn – og utflytting i kommunen. Siste års utvikling viser større tilflytting enn utflytting.

Folketalsframskrivinga har i tidlegare økonomiplanar vore basert på SSB si folketalsframskriving for Stord kommune midlare utvikling. Den veksten i folketal som kommunen no opplever er høgare enn dei framskrivingane for folketalet som SSB har gjort for Stord kommune.

Befolkningstilveksten i 2006 var på 1%

I budsjettet for 2007 vart det lagt til grunn ein vekst i befolkninga på 1,4%. Veksten enda på 1% og økonomiplanføresetnadane framover er justert i høve dette, slik at det er lagt til grunn ein årleg vekst på 1%.

Dette slår mest ut i aldersgruppa 20 -66 år som vil ha størsteparten av denne veksten

Kommunen vil nå 17000 innbyggjarar i 2007. Talet på eldre over 67 år reknar me vil følgje utviklinga i SSB si prognose, justert ned i forhold til faktisk utvikling i aldersgruppene pr 2007.

Kommunen sitt anslag på utvikling i befolkningssamansetning vert slik:

	2007	2008	2009	2010	2011	2025
0-5 år	1 353	1 368	1 397	1 412	1 430	1 655
6-15 år	2 690	2 688	2 668	2 690	2 703	2 678
16-66 år	11 027	11 141	11 257	11 355	11 475	11 890
67-79 år	1 225	1 255	1 284	1 310	1 325	2 279
80-89 år	481	490	503	505	505	772
90 år - over	74	78	82	93	99	166
<b>Samla befolkning</b>	<b>16 850</b>	<b>17 020</b>	<b>17 191</b>	<b>17 365</b>	<b>17 537</b>	<b>19 440</b>

Talet på eldre aukar med 5,8% i økonomiplanperioden. Dette er noko sterkare enn utviklinga i den samla befolkninga. Dette vil føre til at kommunen får fleire brukarar som treng pleie og

omsorgstenester i planperioden. Me har teke med SSB si folketalsframskriving for kommunen for 2025. Me ser at kommunen får ein nær dobling av talet på eldre over 67 år.

Me ser at talet på barn i skulealder held seg stabilt i økonomiplanperioden, talet på barn i barnehagealder vil gå svakt opp i perioden.

## Økonomiske rammeføresetnader

### Generelt

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp etter dei rammeføresetnadene som vart gjevne sentralt gjennom vedtak av kommuneprosisjonen i juni samt det framlagde statsbudsjettet.

### Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter (frå private og foretak), momskompensasjon og andre ikkje øyremerkta statlige tilskot, og er hovedfinansieringskilden for driftsrammene.

Utviklinga i kommunen sine frie inntekter dei siste åra går fram av tabellen nedanfor

	Regnskap					Anslag
	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Skatt	225 691	246 434	267 994	270 859	313 605	326 149
Rammetilskot	117 599	119 017	105 234	106 808	112 010	121 765
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>343 290</b>	<b>365 451</b>	<b>373 228</b>	<b>377 667</b>	<b>425 615</b>	<b>447 914</b>
	<b>2001-02</b>	<b>2002-03</b>	<b>2003-04</b>	<b>2004-05</b>	<b>2005-06</b>	<b>2006-07</b>
Nominell vekst (%)	4,45 %	6,46 %	2,13 %	1,19 %	12,70 %	5,2 %
Realvekst (%)	0,85 %	2,71 %	-1,12 %	-2,01 %	9,10 %	1,6 %

I 2004 vart momskompensasjonsordninga innført, dette er grunnen til realnedgang i frie inntekter dette året. Dei frie inntektene vart redusert med 14,3 mill kr som tilsvarte momsuttrekket. Trekket vert trappa opp med 1,3 mill kr fram til 2008. Kommunen fekk eit tilleggstrekk på 3 mill kr i 2005.

Prisstigningsføresetnaden som er lagt til grunn i statsbudsjettet er 4,20%. Denne kjem fram slik :

	Lønnsvekst	Varekjøp	Veid indeks
	2008	2008	
Prisstigningsføresetnader	<b>5,0</b>	<b>2,0</b>	<b>4,2</b>

Det er rekna med ein nominell skattevekst ( etter prisjustering ) for kommunane frå 2007 til 2008 med 2,3 %. Dette er rekna i høve til det skattenivået for 2007 som no er lagt til grunn i statsbudsjettet, dvs. pårekna meirskatt i år er rekna med i grunnlaget. Dersom vi tek omsyn til pårekna prisauke frå 2007 til 2008, er dette ein reell reduksjon i skatteinntektene. Dette må bli sett i samanheng med at skatteveksten i 2007 er blitt høgare enn rekna med i revidert nasjonalbudsjett i mai, og at realveksten i dei frie inntektene blir lagt på rammeoverføring. Det er ikkje noko mål lenger at skatteandelen av inntektene skal opp i 50%.

Høgste lovlege kommunale skattøyre er difor redusert frå 12,25 til 12,05%.

Inntektssystemet er under evaluering. Det vil snart bli lagt fram eit forslag til endringar i inntektssystemet for kommunane. Det er meininga at desse endringane skal gjelde frå 2009. I dag skapar systemet skilnader mellom kommunane, då skatteinntektene varierer sterkt. Samstundes tek kostnadsnøkkelen i inntektssystemet berre omsyn til deler av den kommunale verksemda.

Stord kommune er ein minsteinntektskommune. Våre skatteinntekter har dei siste åra variert frå 87% til 91% av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga har sørgja for at kommunen sine inntekter av skatt og inntektsutjamning har komme opp i 94 -95% av landsgjennomsnittet. Kommunen har forventningar til at inntektssystemet vert endra slik at inntektsføresetnadane til kommunane vert meir lik mellom kommunane. Dersom endringane i inntektssystemet løftar alle minsteinntektskommunane opp mot 100% av landssnittet i skatteinntekter, så vil dette kunne gje kommunen om lag 15 -16 mill kr meir i frie inntekter.

*Skjønnsmidlar*

Kommunen mottok lite skjønnsmidlar frå Fylkesmannen. Fylkesmannen har tildelt kommunen 1,1 mill kr for 2008. Frå Fylkesmannen si grunngeving vert følgjande sitert:

”Kommunen er regionsenter for Sunnhordland. Det kan vere ei årsak til at kommunen har høge utgifter til sosial- og rusrelaterte tenester. Kommunen har likevel tapt relativt mykje på omlegginga til nytt urbanitetskriterium i utgiftsutjamninga for rus og psykiatri f.o.m. 2004 (100 % verknad i 2008)” Vidare skriv Fylkesmannen ”Kommunen har ikkje innført eigedomsskatt. Då kommunen ikkje nyttar sitt eige inntektsgrunnlag, må fylkesmannen vere varsam med å gi kommunen skjønstilskot ”

### Anslag frie inntekter

Til grunn for vårt anslag på frie inntekter ligg dei endringane i demografiske forhold som det er gjort greie for under befolkningsendring framfør. Endring i befolkninga gir kommunen isolert meirinntekter utover staten sitt anslag. Me har og rekna med høgare lokal skattevekst enn landsgjennomsnittet. Dette utifrå svært høg sysselsettingsvekst lokalt i perioden 2008 – 2010. Kommunen har lagt til grunn ein skattevekst for landet i samsvar med statsbudsjettet sine føresetnader (2,3% vekst) Lokalt har me lag til grunn 5% vekst. Samla nominell vekst i kommunen sine frie inntekter er 5,0%.

Enkeltelementa som er nytta i budsjettering av frie inntekter i økonomiplanen går fram av tabellen nedanfor:

(mill. kr)	2007	2008	2009	2010	2011
Innbyggartilskot	119 719	129 659	128 740	128 258	128 789
Utgiftsutjamning	-25 191	-26 701	-26 692	-24 259	-24 326
Overgangs- og nyordningar	1 168	-15	-26	-82	-38
Utanfor overgangsordningen	1 655	3 601	5 305	5 305	5 305
Ordinært skjønn inkl. komp. for aukt a.a.avg.	1 300	1 100	1 100	1 100	1 100
<b>Sum rammetilskudd ekskl. inntektsutjevning</b>	<b>98 650</b>	<b>107 645</b>	<b>108 427</b>	<b>110 322</b>	<b>110 831</b>
Selskapsskatt	11 743	15 428	21 000	22 000	22 000
Netto inntektsutjamning	11 744	9 078	6 979	7 451	8 463
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>23 487</b>	<b>24 506</b>	<b>27 979</b>	<b>29 451</b>	<b>30 463</b>
Skatt på inntekt og formue ) vårt anslag	326 500	339 037	344 122	349 284	354 523
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>448 638</b>	<b>471 188</b>	<b>480 528</b>	<b>489 057</b>	<b>495 817</b>
<i>Endring i dr frie inntektene (%)</i>		5,0 %	2,0 %	1,8 %	1,4 %

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 1,5 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet. 2006 ser ut til å vere eit svært godt år for næringslivet. Me reknar derfor med ein auke i selskapsskatten for 2009 og framover. Selskapsskatten er med i grunnlaget for utrekning av inntektsutjamning.

### Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert momsen på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestille eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2009 vert ordninga med at kommunane kan nytte investeringsmomsen til drift oppheva.

Investeringsmomsen som kommunen mottok skal nyttast til å finansiere investeringane. På sikt vil dette gi lågare kapitalutgifter for kommunen, slik at netto driftsresultat vil bli betra. Ordninga er framleis under utgreiing.

Då inntektsramma som i si tid vart redusert med berekna investeringsmoms, som for kommunen utgjorde vel 9 mill kr, vert det innført ei overgangsordning på 5 år. I desse 5 åra vil det bli høve til å budsjettere med underskot i drifta på grunn av at kommunen ikkje lenger får inntektsføre meirverdiavgift av investeringane.

I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn.

(mill. kr)	2007	2008	2009	2010	2011
Momskompensasjon drift	12000	15300	15300	15300	15300
Momskompensasjon investering	11000	14000	15150	5920	9200
<b>Sum momskompensasjon</b>	<b>23000</b>	<b>29300</b>	<b>30450</b>	<b>21220</b>	<b>24500</b>

### **Integreringstilskot flyktningar**

Kommunen mottok årleg 0,5 mill kr i tilskot for at det er eit aymottak i kommunen. Denne inntekta skal dekke meirutgifter som kommunen har i grunna dette.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 8,0 mill kr kvart år i økonomiplanperioden. Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 496 000 kr for vaksen flyktning som vert busett og 476 000 for born . Kommunestyret har vedteke å ta imot 10 flyktningar kvart år. I tillegg kjem familiegjenforeining. Dette nivået på busetting av flyktningar er lagt til grunn i budsjettert.

### **Øyremerka statstilskot**

#### *Psykiatritilskotet*

Psykiatritilskotet vert vidareført i 2008. Kommunen føl vedteken psykiatriplan som vil bli rullert og fremja politisk. Tilskotet gir kommunen 1,5 mill i auka statstilskot.

Iverksette tiltak er prisjustert.

Tilskotet vil bli innlemma i kommunen sitt rammetilskot frå og med 2009. Statstilskotet er budsjettert med 2008 nivået i økonomiplanperioden..

#### *Ressurskrevjande tenestemottakarar*

Regjeringa legg om finansieringa av ressurskrevjande tenestemottakarar. Dette vert gjort slik at frå 2008 vil kommunen få dekke 85% av dei utgiftene til ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år som overstig eit innslagspunkt på kr 800 000 pr brukar. Ordninga vil føre til betre dekning av kommunen sine utgifter til ordninga. Kommunen vil ha 17 brukarar i 2008 som samla vil gje eit tilskot på 15,3 mill kr.

Regjeringa har i statsbudsjettert signalisert at ordninga kan bli utvida til også å gjelde tenestemottakarar over 67 år.

#### *Barnehagetilskot*

Barnehagetilskotet vert framleis gitt som eit øyremerka statstilskot. Kommunen mottok tilskot for både dei private barnehagane og kommunen sine egne barnehagar. Statstilskotet til dei private barnehagane vert vidareformidla og bles opp kommunen sine bruttoutgifter og bruttoinntekter med vel 38 mill kr.

Kommunen sine egne barnehagar mottok 15,7 mill kr, statstilskot funksjonshemma utgjer 3,5 mill kr og skjønnsmidlane er rekna til 13 mill kr. Samla statstilskot barnehagane utgjer 70,2 mill kr.

Regjeringa vil presentere eit opplegg for innlemming av barnehagetilskot i Kommuneproposisjonen for 2009, dvs at innlemming i rammetilskotet tidlegast kan skje frå og med 2010.

### **Rente og avdragskompensasjon**

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg i samsvar med tildelt kvote som er på 47,4 mill kr. Renteføresetnad er 5,5% og dette gir 2,6 mill kr i rentekompensasjon

For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å motta 1,3 mill kr i kompensasjon.

Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 5,7 mill kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill kr for avdrag og 3,4 mill kr rente.

### **Driftsrammer i økonomiplanperioden**

Endring i befolkningsstruktur medfører auka behov og dermed press på kommunen sin tenesteleveranse. I økonomiplanen har me ved budsjettering av utgiftene til sektoren teke

utgangspunkt i auken i talet på eldre. Ved berekning av utgifter har ein nytta Kostratal (netto driftsutgift pr person over 67 år). Samla gir dette slik auke i utgiftene innafor denne sektoren:

1000 kr	2009	2010	2011
Pleie og omsorg	3 000	4 200	5 000

Pleie og omsorgssektoren hadde ein vekst på vel 18% i 2007. Dette høgare nivået er vidareført inn i budsjettet for 2008. Sektoren må handtere auken i eldre innafor ei auke av ramma på 1,5 mill kr for kvart av åra.

For skulane har ein teke utgangspunkt i elevtal når ein har berekna verknaden i økonomiplanen. Då det nesten ikkje er elevtalsauke i perioden, har ein føreset at utgiftene held seg på 2008 nivå. Oppstart av ny ungdomsskule i Nordbygda vil påføre kommunen auka driftsutgifter til straum, reinhald samt administrasjon av den nye skulen samla rekna til om lag 2 mill kr på årsbasis. Det er ikkje rekna med fleire grupper på grunn av ny ungdomsskule.

Det er lagt inn dekning av meirutgifter til FDV - utgiftene for Nordbygda ungdomsskule i økonomiplanen. Skuledrift må dekkast innafor alt eksisterande rammer til grunnskulen.

### Lønnsvekst og pensjonskostnad 2008.

I statsbudsjettet vert det lagt opp til ein årslønnsvekst på 5 %.

Følgjande lønnsvekst ligg til grunn i budsjettet:

Lønnsgliding			0,5 %
Overheng frå 2007			1,7 %
Berekna lønnstillegg pr 01.05.2008	4,2%		2,4 %
Lønnsføresetnader lagt til grunn			4,6 %

Avsett til lønnsjustering pr 01.05 i budsjett 2008 i heile tusen kr.

11 800

I tillegg kjem auken i pensjonskostnader som utgjer omlag 3,3 mill kr eller 1% av lønsmassen.

### Pensjonsutgifter

Kommunen budsjetterer pensjon i samsvar med kommunaldepartementets regler for pensjonsføring med 15 års amortisasjon av premieavviket.

Pensjonsutgiftene aukar kraftig i 2008. Kommunen har eigenrisiko på AFP ordninga. Premien her er estimert utifrå erfaringstal. Berekna premie for kommunen sine tilsette i KLP ordninga er budsjettert med brutto 22,7%, av dette dekker tilsette 2% prosentpoeng.

KLP tilbakefører 6,5 mill kr til kommunen som del av overskotet. Dette kan kommunen nytte til å dekke inn premien. Dette er lagt til grunn i budsjettframlegget.

Statens pensjonskasse har varsla om ein premie på 12% inkl. tilsette sin 2 % poengsandel.

	KLP	Statens pensjonskasse
Premie 2008	50 783	10 479
Berekna pensjonskostnad	37 403	12 944
Premieavvik	13 380	- 2 465

Premieavviket for 2008 er på 10,9 mill kr, i tillegg kjem 1,5 mill kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2008 og amortisert over 15 år frå og med 2009.

## Gebyr og betalingsattsar

Dei kommunale gebyr – og betalingsattsane er endra i samsvar med tabell nedanfor for 2008. Nærare detaljar for dei ulike avgiftene går fram av vedleggshefte Betalingsattsar.

Teneste	Auke	Kommentar
Kommunale barnehageplassar	0	Føl maksimumssattsane
Skulefritidsordning	0	
Stord Kulturskule	7-8%	Elevavgift auke kr 200
Korttidsopphald og dag-/nattopphald i sjukeheim		Forskriftsbestemt
Heimebaserte tenester	3,0%	
Husleige generelt	4,0%	
Gebyr for oppmålingsarbeid	9,0%	
Reguleringsgebyr – delings søknader	9,0%	
Byggesaksgebyr	9,0%	
Avgift for slamtøming	3,0%	
Årsavgift – vassavgift	11,8 %	I tråd med vedteken rammeplan
Årsavgift – avløpsavgift	10,8%	I tråd med vedteken rammeplan
Avfallsavgift	3,0%	Gjeld standardløyising
Hytterrenovasjon	3,0%	
Torghandel	3,5%	
Avgiftsparkering	0,0%	
Feiing og brannsyn	4,0%	

I økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande reelle auke i % i dei kommunale avgiftene.

	2009	2010	2011
Vassavgift	11	11	8
Avløpsavgift	12	12	5
Avfall	0	0	0
Feiing	0	0	0

Avgiftene innan dette området aukar relativt mykje i økonomiplanperioden. Dette skuldast i hovudsak auke i rentenivået ( over 2%) samt framlegg til store investeringar i perioden

Avgiftsområda er basert på sjølvkost. Når inntektene vert større eller utgiftene mindre enn rekna med vert "overskotet" sett av til bundne fond. Motsatt når det er meirutgifter/svikt i inntektene eit år. Fondet på vatn er negativt med -2,7 mill kr pr 31.12.2006. Dette vert bygd opp til 1 mill med ei avsetning på 0,75 mill kr kvart av åra i perioden. Avlaufsfontet var på 4,8 mill kr og vert justert ned til 1 mill kr i løpet av 2009. Renovasjonsfontet er på 1,8 mill kr og vil vere nedjustert til 1 mill kr i løpet av 2009.

## Finansinntekter og utgifter

### Finansutgiftene

Kommunen si samla lånegjeld ekskl formidlingslån ved utgangen av 2007 vil vere på 585,6 mill kr. Stord hamn sin del av denne utgjer 19,0 mill. Netto kommunal gjeld vert kr. 566,6 mill.

I samband med rekneskapsavslutninga 2005 ba kommunestyret rådmannen berekne avdraga i samsvar med retningslinjene for minimumsavdrag (revisjonsmerknad).

Minimumsavdrag er rekna ut etter lånegjelda pr 31.12.2006. Låneopptak 2007 vert vekta i samsvar med føremålet for investeringane. Gjennomsnittleg vekta avdragstid for lånemassen pr 31.12.2006 er



29,4 år. For lån teken opp i 2007 vert vekta avdragstid 36 år. Dette gir minimumsavdrag på 18,1 mill kr for 2008.

I årsbudsjettet har rådmannen lagt til grunn avdrag på 22,4 mill kr som er innafør kommunelova sitt krav til minimumsavdrag. Dette nivået vert vidareført i økonomiplanperioden.

## Lånegjelda

Det er planlagt slike låneopptak i perioden

	2008	2009	2010	2011
Startlån	10 000	10 000	10 000	10 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	55 470	54 825	50 865	26 975
Andre lån, ikkje rentable	53 245	70 735	35 990	40 390
<b>Sum låneopptak</b>	<b>118 715</b>	<b>135 560</b>	<b>96 855</b>	<b>77 365</b>

Kommunen si gjeld fordeler seg slik pr 31.12 i planperioden: (tal i mill kr)

	2007	2008	2009	2010	2011
<b>Total lånegjeld</b>	<b>626,4</b>	<b>715,9</b>	<b>819,4</b>	<b>879,5</b>	<b>916,9</b>
Formidlingslån/startlån	43,0	47,5	52,8	57,6	62,0
Eigne lån	585,6	671,0	770,5	827,1	861,3
Utlån til Stord Hamnstell	19,0	19,0	19,0	19,0	19,0
<b>Sum egne avdragslån</b>	<b>566,6</b>	<b>652,0</b>	<b>751,5</b>	<b>641,4</b>	<b>842,3</b>
Lån finansiert over avgiftsområdet	188,5	235,4	279,9	318,5	331,6
<b>Sum kommunale lån</b>	<b>378,1</b>	<b>416,6</b>	<b>471,6</b>	<b>489,5</b>	<b>510,7</b>

Utviklinga i samla renter og avdrag vil med dei investeringane som ligg inne i økonomiplanen utvikle seg slik:

	2008	2009	2010	2011
Renteutgifter ekskl. startlån	31 005	38 868	43 110	45 566
Avdragsutgifter	22 431	26 055	30 240	33 135
Sum rente og avdrag	53 436	64 923	73 350	78 701

Det er lagt til grunn ei flytande rente 5,75 % i 2008 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. For 2009 – 2011 er det rekna med ei gjennomsnittleg flytande rente på 5,5%. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp i gjennomsnitt vil nedbetalast over 30 år.

Investeringsprogrammet fører til auke i kommunen sine finansutgifter i økonomiplan perioden på 29 mill kr . 42% av denne utgiften vert dekkja av dei kommunale eigeomsavgiftene.

## Finansinntektene

I årsbudsjettet for 2008 er det utifrå samansetning av kapitalen pr. 30.09.07 forventa slik avkastning:

Aktivklasse	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettert uttak avkastning i 1000 kr.
Lån	10 000	6,00 %	600
idrettslag/kontanter			
Pengemarknad	50 000	6,00 %	3 000
Obligasjonar	81 500	5,50 %	4 400
Sikringsprodukt	5 500	6,00 %	330
Aksjar	60 000	8,00 %	4 800
<b>Sum fond</b>	<b>207 000</b>		<b>13 130</b>
Andel kraftselskap			4 500
<b>Sum</b>		<b>6,00 %</b>	<b>17 630</b>

Det er budsjettert med eit uttak på 9,0 mill kr i 2008 samt 4,5 mill kr som utbytte. Inntektsmålet er usikkert, uttaket er derfor basert ei avkastning av kapitalen lik pengemarknadsrenta – prisstigning på 2%.

## TENESTEOMRÅDA

Budsjettet for einingsdrift er i hovudsak vidareført på 2007 nivå etter korrigeringar vedteken i budsjettrevisjonen i juni. Einingane skal driva innan den tildelte økonomiske ramme. Det er i tillegg lagt inn eit krav til sparing/høgare inntekter i 2008 på 3 mill kr.

Tilleggsløyvingsposten til komiteane er på kr 100 000 og til Formannskapet er det sett av kr 200 000.

## Formannskapet

### Kyrkja

Tilskot til Kyrkjeleg fellesråd er budsjettert med kr 6,05 mill.

Ramma er auka med forventa prisvekst på 4,2% rekna til 0,25 mill kr.

### Strategisk leing, økonomi, rekneskap og utviklingsavdelinga

I rammene til desse einingane er det teke omsyn til planlagt endring i strategisk leing.

Rammene er elles vidareført på 2007 nivå.

#### *Stab/støtteprosjektet*

Gjennomgangen av stab og støttefunksjonane vert gjennomgått med sikte på å vurdere behov for kompetanse, kapasitet, organisering og plassering i løpet av første halvår 2008.

### IKT-eininga

IKT-eininga driftar IKT-tenestene i kommunen. IKT-eininga samarbeider med andre kommunar om interkommunale løysingar.

IKT-eininga har særleg ansvar for å vurdere korleis kommunen møter den teknologiske utviklinga og digitaliseringa.

IKT-eininga har også ansvar for å følgja opp den datateknologiske satsinga i skuleverket i samband med nye læreplanar, der opplæring og bruk av data er sentralt i alle fag og emne som elevane arbeider med. I 2005 fekk alle lærarane berbar datamaskin, og i 2007 fekk elevane berbare maskiner, med 1 maskin pr. 3 elevar. Alle skulane har trådløst nettverk.

I 2008 og vidare i økonomiplanperioden særleg arbeider IKT-eininga med desse satsingsområda:

- Leggja til rette med IKT verktøy for å følgja opp kommunale utviklingsprosjekt
  1. Naudsynt infrastruktur for å kunna nytta potensialet i dei ulike IKT-verktøya
  2. Når infrastrukturen er på plass, er neste steg å investera i programvare som støttar effektive elektroniske arbeidsprosessar. T.d. har prosjektet LØP (Lønn, Økonomi, Personal) starta. I dette prosjektet vurderer ein arbeidsprosessane innan lønn, økonomi og personal og ser på korleis Agresso kan nyttast for å effektivisera det administrative og merkantile arbeidet i stab/støtte og i tenesteeiningane.
  3. Følgja opp prinsippet om at data skal "registrerast ein gong ved kilden". For å få dette til lyt ein leggja til rette for overføring av data mellom ulike program.
- For å kunna ta i bruk og nytta ut dei nye verktøya lyt kommunen skifta ut Lotus Notes som e-post og intranett verktøy.
- Eit stort arbeid i 2008/2009 er oppgradering av økonomi-, løn- og personalsystem til Agresso 5.5.

## **Driftsstyret**

HMT-tiltak må framleis vera prioritert. "Fokus-prosjektet" som vert gjennomført i samarbeid med NAV-Arbeidslivssenter, skal etter planen vera avslutta ved utgangen av mars 2008. Prosjektet har m.a. som mål å redusere sjukefråværet med 20 % i høve til 2005-nivå. Det kan verta vanskeleg å nå målet og vidare arbeid med dette må halda fram i 2008.

Det vert arbeidd med målretta rekrutteringstiltak retta mot fleire yrkesgrupper. Denne situasjonen fører også til at lønnskostnadene aukar meir enn gjennomsnittet for å rekruttera og halda på spesiell kompetanse. Både privat næringsliv og anna offentleg verksemd rekrutterer frå kommunen sine folk, og denne konkurransen må me møta med nødvendige tiltak.

Det er sett av kr 700 000 til kompetansehevingstiltak.

I 2007 vart midlane til attføringsiltak auka til kr. 600.000,-, og trongen for slike tiltak er stadig aukande. Løyvinga er vidareført i 2008.

Talet på lærlingar er vidareført med omlag 40. Det har vore færre søkjarar til stillingane enn tidlegare.

## **Komiteane**

### **Pleie og omsorg**

Omstillingsprosjektet for Pleie og omsorg.

Omstillingsprosjektet for pleie og omsorg vart avslutta i januar 2007. Gjennomføringa av endringane held fram gjennom heile 2007. Det er naudsynt med stram styring og tildelingspraksis og i 2008.

Budsjettet for 2007 vart styrka i budsjettrevisjonen i juni 2007. Dette skuldast fleire nye og meir omsorgskrevjande brukarar. Denne utvikling starta hausten 2006 og heldt fram i 2007. Det har vore særleg stor auke i utgiftene til personar under 67 år.

*Strategi for pleie og omsorg utarbeidd i samband med spare/omstilling prosjektet:*

Tenesta har høg fagkompetanse og kvalitet, alle brukarar av tenesta får hjelp ut frå individuelle behov, tenestetilbodet vert styrt etter LEON-prinsippet. (LEON: lavast effektive omsorgsnivå), pengar fylgjer vedtak, nybygging av tilrettelagte bustadar vert samlokalisert, bustader med heildøgns pleie og omsorg gjev tryggleik, kompetanse og kvalitet.

Institusjonstenesta tilbyr: Rehabilitering, utgreiing og behandling av personar med demens, medisinsk behandling og avlasting.

### **Kundetorget**

Kundetorget er ei sentral eining i Stord kommune. Her møter me innbyggjarane som vender seg til kommunen, om det gjeld ulik informasjon eller teneste (ytre Kundetorget) eller søknad om pleie-omsorgstenester (Tingarkontoret).

Det vert rapportert om stor saksmengd og auka sakshandsamingstid. Det er ikkje lagt inn nye stillingar til Kundetorget i budsjettet. Kundetorget si primære oppgåve i si sakshandsaming er å sikra rett nivå på tenestetildeling, lik handsaming og rettstryggleiken til brukarane. Kundetorget har no eit budsjett på om lag 100 mill kroner som dei gjer vedtak om og overfører til utførareiningane. Tenestene er omtala nedanfor.

### **Heimebaserte tenester**

Rådmannen har i budsjettet lagt til grunn aktivitetsnivået ( tildelte timar) som tilsvarar gjennomsmittleg tildelte timar heimetenester i første halvår 2007. I tillegg er det sett eit effektiviseringskrav til utførareiningane tilsvarande lønns og prisvekst på 4,2%..

Pr 1. oktober 2007 er det 33 personar som bur og får pleie og omsorgstenestene ved Knutsaåsen .

Dette er noko høgare enn føresett i budsjettet for 2007 som var 17. Grunnen til dette er for det første at det er ein del personar som har sagt nei til å ta imot tilbod om sjukeheimplass på Stord sjukeheim, for det andre er det ein del personar som elles måtte hatt døgnteneste heime, som no bur i Knutsaåsen.

Dette har og opna for at ein kunne etablere korttid/rehabiliteringss plassar i sjukeheim. I tillegg får 3 - 5 personar til ei kvar tid døgntilbod i eigen heim.

Omsorgsløn, støttekontakt, praktisk bistand og brukarstyrt personleg assistent er budsjettert som i 2007, med same timepris.

Avlasting vert i hovudsak ytt til personar som har eigne barn med funksjonshemming buande hos seg. Det er frå tenesta meldt om auka etterspurnad i 2007, det er lagt inn ein auke for å imøtekoma auka behov. Avlasting i heimen er halde uendra.

Talet på eldre har berre ei liten auke i 2008 i motsetning til åra før. Når det gjeld behovet for yngre brukarar er det vanskeleg å forutsjå. Budsjetter vart justert i budsjettrevisjonen juni 2007. Vedtak om personretta tenester er dei utgiftene som det har vore uråd å redusera når behov og pleietyngde aukar. Kostratal viser at bto. kostnader pr brukar av kommunale pleie og omsorgstenester gjekk ned frå 2005 til 2006. Analyser viser og at ressursane no vert styrt mot dei brukarane som har lavast funksjonsnivå (Ressursenteret for omstilling i lommunane (RO) analyse 2005 og 2006). Det er og meldt om at 3 nye brukarar med utviklingshemming vil få behov for dagtilbod frå hausten 2008. Tilbod til desse vert føresett dekkja ved omdisponering innanfor eksisterande rammor.

Frå 01.09.07 er det endring i organiseringa av dei heimebaserte tenestene.

Det nye er at alle tenestene til personar med utviklingshemming i Stord kommune vert organisert frå område Sagvåg, organisert som prosjekt i eit år. Målet er å setja i verk tiltak slik at tenesta til utviklingshemma er betre samordna og ressursbruk tilpassa behov.

Fleire i brukargruppa vert eldre og meir hjelpetrengjande og nye brukarar kjem til. Budsjett 2008 vert utvida, men endra finansieringsordning frå staten til ekstra ressurskrevjande brukarar gjev auka overføringer knytt til denne brukargruppa.

Omsorgsbustadane i Knutsåsen er organisert under heimebaserte tenester i Nordbygda.

## **Rehabilitering**

I delprosjekt 6.1.3. under RO prosjektet i 2006 vart følgjande slått fast::

”Dagrehabilitering ved Stord kommunale rehabiliteringssenter og døgnehabilitering sjukeheim er iverksett ved ferdigtilling av Backertunet”.

Etter nedlegging av døgnbasert rehabiliteringstilbod var det viktig å etablere ein bærekraftig organisasjon samstundes som ein skulle spare pengar. I sluttrapporten gjev RO framlegg om at dagrehabilitering vert tilrettelagt ved Stord kommunale rehabiliteringssenter, og får tilført 0,6 årsverk. Tilbodet vert sett i verk i løpet av første halvår 08. Det vart vidare føreslege at døgnehabilitering og korttidsopphald vart lagt til 2. etasje av Stord sjukeheim. Dette tilbodet skulle kome i gong i løpet av første halvår 07.

I forslag til 2008 budsjett er det lagt inn kr. 0,3 mill for å kunne starte gradvis opp dagrehabilitering ved Stord kommunale rehabiliteringssenter. Kor vidt ein greier å oppretthalde døgnehabilitering i 2008 er avhengig av kva sengeplassar som vert lagt ned ved Stord sjukeheim.

## **Stord sjukeheim**

I økonomiplanen 2007 -2010 låg ikkje sjukeheimen inne med full drift i 2008. I rådmannen sitt budsjettframlegg for 2008 er det ikkje funne plass til full drift. Dette fører til at 5 plassar tenkt til kortid/rehabilitering ikkje vert starta opp i 2008. Kostnaden med full drift av sjukeheimen utover revidert budsjett 2007 nivået er rekna til 2,3 mill kr.

Dekning for full drift av desse plassane må i økonomiplanperioden finnast innanfor samla rammme til pleie og omsorgstenestene.

Einingsleiaren ved sjukeheimen påpeiker i sitt budsjettnotat at det er behov for å styrke bemanninga ved somatisk avdeling utan at rådmannen finn rom for dette.

### **Spesialundervisning skule**

Prognosen for 2008 tek utgangspunkt i aktive vedtak, kjennskap til elevar med spesialpedagogisk hjelp i barnehage og elevar som går ut av ungdomsskulen.

### **Spesialpedagogisk hjelp barnehage**

Tilbodet er vidareført og justert i høve forventa endringar i 2008.

### **Ekstraassistent SFO**

Forslaget tek utgangspunkt i prognose for talet på barn som vert overført frå barnehage til skule. Kommunen har ein stram tildelingspraksis til ekstraassistent for barn med særlege behov i SFO ordninga. Praksisen er vidareført i 2008.

### **Helsetenester**

Tenestene omfattar Legetenesta, legevakt og førebyggjande helsetenester, Førebyggjande tenester retta mot barn og unge er styrka gjennom psykiatriplanen i 2007 med omlag 2 nye stillingar (lege, helsesøster og sosialkonsulent). Desse får heilårsverknad i 2008. Resten av helsetenestene er vidareført på 2007 nivå.

### **Sosial og førebyggjande tenester**

Etter etablering av NAV Stord omfattar denne eininga no PPT, førebyggjande helsetenester, Prosjekt oppfølging i bustad (PROBIS), Medisinassistert rehabilitering av rusmisbrukarar (MARIS), Hamna kontaktsenter, utekontakten og SLT (samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak). Budsjettet for alle desse tenestene er no å finna under ansvar 2510. Førebyggjande helsetenester er kommentert under helsetenester.

Hamna kontaktsenter er auka med ny husleige, grunna behov for auka plass. Auken er finansiert av psykiatrimidler.

Nivået på desse tenestene er vidareført på 2007 nivå.

### **NAV**

NAV Stord vart oppretta 1. juni 2007 ved at tidlegare trygdekontor, arbeidskontor og deler av kommunen sine tenester etter lov om sosial omsorg er flytta saman i nye lokale i Backertunet. Det medførte at i alt 16 stillingsheimlar frå kommunale einingar vart organisert inn i ny eining. NAV kommune omfattar økonomisk sosial hjelp, deler av rusomsorg, flyktingetenesta og springbrettet (arbeidsretta tiltak for unge). Utgiftene til økonomisk sosial hjelp er budsjettet på om lag same nivå som prognosert sosialhjelp i 2007. Nav vert elles budsjettet som vedteke i samband med opprettinga av kontoret.

### **Barnevern**

Utgiftene til Barnevern både når det gjeld administrasjon og tiltak for barn er vidareført på 2007 nivå. Sunnhordland Interkommunale barnevern kan ifrå 2008 verta organisert etter nye reglar i Kommunelova om vertskommunesamarbeid. Det vil bety at Stord vert arbeidsgjevar for alle dei tilsette i dei samarbeidskommunane og får ansvar for barnevernstenestene i kommunane Bømlø, Fitjar og Stord. Målsetjinga er auka kvalitet på tenestene, samt å styrkje fagmiljøet slik at ein held på kompetanse og legg til rette for rekruttering. Det er ikkje føresett at Stord skal få auka utgifter på grunn av omorganiseringa. Den totale kapasiteten for tenestene må likevel vurderast i utgreiingsarbeidet som skal vera ferdig hausten 2007.

### **Kulturskule**

Kulturskulen vert vidareført på om lag same nivå som i 2007. Betalingsssatsane vert justert med ca 200 kr i året for heil plass.

Styringsdokumentet for oppvekst, vedteke i K-styret i juni 2007, har som mål at Kulturskulen skal tilby plass til ca. 30% av dei aktuelle barna. Rådmannen har ikkje funne rom for å starta denne opptrappinga i 2008.

Kulturskulen arbeider for å få til eit tettare samarbeid med grunnskulane, og utvida tilbodet sitt med andre kunstatar.

## Grunnskule

Grunnskulen har innført nye læreplanar i 2006, lærarane har fått etterutdanningstilbod gjennom øyremerkte midlar i perioden 2005 – 2009, og skulen har gjennomført eit stort utviklingsprogram gjennom Oppvekstprosjektet (2004-2007). Lærarane fekk berbare datamaskiner i 2005, og i 2007 leasa kommunen berbare datamaskiner til elevane, med ei maskin pr. tre elevar. I høve det som ligg i budsjettet til datautstyr til skulane, aukar kostnaden med om lag 1 mill kr, som er lagt inn i budsjettet for 2008 og i økonomiplanen.

Vedtaka i Stortinget, Oppvekstprosjektet og Revisjonsrapporten for grunnskulen i Stord (Deloitte 2006) er følgt opp ved at Kommunestyret vedtok Styringsdokumentet for oppvekst i 21.06.2007. Dette dokumentet er samstundes også ei oppfølging og konkretisering av satsingsområdet Oppvekst i Kommuneplan 2004 – 2015.

I Styringsdokumentet legg kommunestyret vekt på at ein må tenkja heilskapleg, tverrfagleg og sjå tilbod i samanheng når ein legg til rette tilboda for barn og unge. Førebyggjande arbeid vert prioritert, og det er lagt vekt på samarbeid med næringsliv og frivillige lag og organisasjonar. Målsettinga er at elevane får utvikla talenta sine og opplever meistring i kvardagen, og såleis vert motiverte til innsats i skulen og i fritida.

Styringsdokumentet for Oppvekst i Stord kommune legg føringar for grunnskuledrifta i Stord framover, attåt dei overordna sentrale planane i Kunnskapsløftet med læreplanar i fag og grunnleggjande dugleikar, L06.

Kommunestyret legg i Styringsdokumentet opp til å lukka avvika som kjem fram i revisjonsrapporten om grunnskulen i 2008. Men nye midlar kan først vurderast i budsjett og økonomiplanprosessen.

Årsaka til dei fleste avvika er at skulane har knappe driftsmidlar.

Kommunestyret vil at ein får på plass endringar elles så fort som råd er gjennom omorganisering og omprioritering.

I Styringsdokumentet er det lagt inn desse prioriterte tiltaka i 2008 for å lukka avvika i Revisjonsrapporten for grunnskulen:

1. Justering kostnad spesialundervisning 4.5 mill.

Dette er heilt nødvendig oppfølging av tidlegare styrking for inneverande skuleår, og lukking av avvik som Kundetorget elles vil få i forhold til elevar med sær store hjelpebehov.

2. Vikarressurs for barnehage og skule 2.5 mill

Skulane har vore utan spesifisert vikarressurs over tid, og dette svekkar både det allmenne opplæringa og spesialundervisninga

3. Kontaktlærartid for grupper 0.6 mill

Dette er for å koma ned på eit nivå på om lag 15 elevar pr kontaktlærer som pedagogisk forsvarlege grupper, jfr opplæringslova

4. Styrking av tilpassa opplæring og omlegging av rutinar for spesialundervisning 1.85 mill

Dette punktet vil lukka avvik om at skulane ikkje oppfyller intensjonen om tilpassing til enkeltelevar, og samtidig gje rom for ein skule utan trong for så stor tal vedtak om spesialundervisning som tilfelle er no.

Funksjonsstillingar:

- Koordinator for kvalitetssikring i barnehage og skule 0.3 mill

Dette tiltaket vil lukka avviket både barnehage og skule har pga mangel på system for kvalitetssikring, deriblant tilsyn

Styrkingstiltaka ovanfor baserer seg på kommunen sitt rekneskap for 2005.

Rådmannen legg vedtatt revidert budsjett 2007 til grunn for skulebudsjettet.

I budsjettrevisjonen i juni 2007 vart budsjetttramma til skuledrift auka med 2 mill kr for 2007 til spesialpedagogiske tiltak. Dette gjev ein auke for heile 2008 på 4.5 mill kr til spesialpedagogiske tiltak.

I budsjettet for 2008 finn ikkje rådmannen rom for å leggja inn meir enn 1.3 mill kr av denne auken. I høve nivået hausten 2007 vert lærartimetalet såleis svekka.

Våren 2008 omprioriterer ein midlar og nyttar dei ekstra ressursane til å dekkja auken i spesialpedagogiske vedtak som vart gjort for hausten 2007. På dette området må ein følgja utviklinga frametter våren, og vurderer situasjonen i budsjettrevisjonen i juni 2008.

Ut over dette er det ikkje i budsjettet for å lukka avvika ytterlegare i 2008, og ein må koma attende til desse spørsmåla i budsjettarbeidet hausten 2008.

Rådmannen vil likevel med utgangspunkt i Styringsdokumentet arbeida med å setja i verk dei tiltaka som ikkje kostar pengar eller som ein kan løysa ved omprioritering.

Stortinget aukar timetalet på 1-4 årstrinn med 5 timar for veka. Det er lagt inn 1,3 mill kr for å dekkja denne kostnaden.

På grunn av dette vil opningstida i skulefritidsordninga verta litt redusert. M.a. på grunn av endra opphaldstid er budsjettet for skulefritidsordninga redusert med 0,8 mill kr.

Budsjettet for vaksenopplæring har auka med om lag 1 mill kr, med bakgrunn m.a. i at regjeringa har gjeve flyktningar ved asylmottak rett på noko norskopplæring.

## **Barnehagane**

Stord kommune har nådd regjeringa sitt mål utifrå deira definisjonen av full barnehagedekning. Dette vil seia at alle som søkte innan fristen for hovudopptak har fått plass. Det er per september 2007 ei reell venteliste på omlag 20 barn. Det er høgst sannsynleg at desse får plass i løpet av første halvdel av 2008.

Rapportering om tal på barn i barnehagar per 20.09.07 syner at det er 948 barn som har plass i kommunale og private barnehagar. Det er ein dekningsprosent på 81.

### Likeverdig behandling

Kommune har i 2007 motteke skjønsmidlar frå staten som kompensasjon for kommunen sine meirutgifter ved innføring av maksimalpris og kommunal plikt om likeverdig behandling av offentlege og private barnehagar. Det er i 2007 kome til fleire barnehageplassar i privat regi som får konsekvensar for utmåling av kommunalt tilskot, men vil og gi ekstra skjønsmidlar til kommunen i 2008.

### Kompetanseutvikling i barnehagane 2008

Ny lov og rammeplan krev oppfølging av kompetansen til personalet i barnehagane. Det vert gjennom fylkesmannen gitt statlege midlar til kommunane. Det krevs likevel at kommunen yt midlar til kompetanseheving av personale, særskild kan nemnast at det er behov innan data som er eit nytt fagområde i barnehagesamanheng.

### Samanheng mellom barnehage og skule

Stord kommune har vore med i prosjekt der samanhengen mellom barnehage og skule har fokus. Signal frå statleg hald tilseier at dette er eit område det vil satsast meir på. I Stord kommune krevst det oppfølgingsarbeid i høve til det arbeidet som har starta i prosjektet.

### Kommunen som tilsynsmyndighet

Kommunen er tilsynsmyndighet i høve til private og kommunale barnehagar. Å få på plass eit system for forvaltningskontroll/ tilsyns krev ressursar å setja i verk og følgja opp.

## **Biblioteket**

Drift av Biblioteket er vidareført på same nivå som 2007. Vidare modernisering av biblioteket må sjåast saman med ombyggingsprosjektet på Kulturhuset som er finansiert i 2008 – 2009.



## **Kulturtenester**

I 2008 er Stord Kulturhus 30 år og Stord kommunale kino er 70 år. 2008 er også mangfaldsåret – eit markeringsår for kulturelt mangfald.

Driftsramma til Kulturtenester er vidareført på same nivå som i 2007 med desse endringane:

### *Internasjonalt kommunesamarbeid*

Det er lagt inn kr 90.000 til prosjektleiing for deltaking i eit internasjonalt kommunesamarbeidsprosjekt mellom Stord kommune og Comalapa kommune i regi av Kommunenes Sentralforbund (KS) og Norad. KS løyver pengar gjennom sitt samarbeid med Norad. Dette er eit treårig prosjekt der det skal arbeidast med utviklinga av bosshandsaming og likestilling i Comalapa kommune. Prosjektet skal eventuelt godkjennast serskilt av Kommunestyret.

### *Sunnhordland Museum*

Tilskotet til Sunnhordland Museum er auka med 50.000 frå 420.000 – 470.000. Likevel er dette mindre enn forventningane som ligg som følge av museumsreforma. (590.000 i 2008). Det er signalisert ei forventning til kommunen om tilskot på kr 800 000 i samband med investering i Maritimt museum. Prosjektet er ikkje behandla i kommunen og det er ikkje lagt inn midlar til dette i budsjettet.

## **Regulering, byggelsak og oppmåling (RBO)**

Eininga er lagt inn i 2008 med same aktivitetsnivå som 2007. Det er stor plan- og byggeaktivitet i kommunen, og arbeidspresset vert deretter. Gebyra er auka med om lag 9 % for å kompensera for prisauke (lønsauke) og auka husleige.

## **Tekniske tenester**

Eining for Tekniske Tenester er eit resultat av vedteken samordning av tidlegare drifts- og vedlikehaldseininga og utbyggings- og eigedomseininga. Grensesnitt for tingardel er no flytta til strategisk nivå (rådmann).

Tekniske tenester har i dag ansvar for forvaltning(F), drift(D) og vedlikehald(V), samt utvikling(U) for alle kommunale bygg og anlegg. Eininga er organisert i 3 fagområder: VAR: ( vatn, avløp og renovasjon ), bygg og eigedom, veg og trafikk.

Det er volumauke i budsjett 2008 for Tekniske tenester i høve 2007. Endringa kan kortfatta oppsummerast slik: Realistisk budsjettering av straumutgifter, auke i forsikringskostnader, auka husleige frå Stord Kommunale Eigedomsselskap AS, heilårseffekt etter overført budsjett frå andre einingar 2007, heilårseffekt av lønnsjusteringar i 2007

Budsjettet for 2008 er elles ei vidareføring av budsjettet for 2007. Dette betyr at ein ikkje har kompensert for den store prisstiginga som har vore innanfor dei aktuelle fagområda. Følgjande tiltak vil verta sett i verk i 2008 for å tilpasse seg budsjetttrammene:

- innsparing som følge av mindre vikarbruk ved sjukdom (reinhold, vaktmeister)
- innsparing som følge av fjerning av byggvakt samt innbrotssalarmar.
- innsparing som følge av redusert satsing på vedlikehald av kommunale bygg.
- Det vert vurdert ei delvis sløkkjing av veglys på natta mellom kl. 01-05.
- effektivisering ved å ta ansvar for auka areal ved Hystad skule, Trodlaugan brh., Stord ungdomsskule og Stord sjukeheim

Det er ei stor utfordring å sikre at Stord kommune sine bygg og anlegg ikkje forfell. Framlagt budsjett vil i hovudsak verta nytta til å oppretthalda at våre bygg og anlegg er tilgjengelige for brukarane til ei kvar tid, på ein sikker og tilfredsstillande måte. Det er i investeringsbudsjettet lagt inn kroner 1,0 mill til rehabiliteringsarbeid i kommunale bygg.

Fdv kostnader til ny ungdomsskule er lagt inn frå og med 2009.

For avgiftsområdet VAR er det vist ein auke i gebyret (eigedomsavgifter), noko som er eit resultat av den generelle renteauken for låna.

Av investeringsprosjekt kan det trekkjast fram utvikling av Heiane Vest, kloakksanering for Sagvåg, samt miljøgate i Øvre Borggata.

### **Brann, beredskap og feiing**

Budsjettet for brann og beredskap er vidareført på 2007 nivå.

Eininga har ansvar for feiing i Stord og Fitjar kommunar. Feiarbudsjettet vert dekkja av gebyr.

### **Landbruk/miljø**

Landbruk og miljø vert drive som eit interkommunalt samarbeid mellom Stord og Fitjar med Fitjar som vertskommune. Drifta vert vidareført på same nivå som i 2007. Organiseringa er føresett evaluert i 2007. Det er ikkje sett av midlar til evaluering.

### **Næring**

Rammeløyving for NOU er redusert med 0,2 mill kr til 3,2 mill. Løyvinga vert nytta til tilskot til SNU, VIS, Samarbeidsrådet, Næringsrådet, Hordaland olje og gass m.m.

### **Hamn**

Hamnebudsjettet vert handsama som eiga sak i komiteen.

## **Oppsummering endring i økonomiplanen.**

Med dei driftsføresetnadane som er nemnt framfør så gir dette slik endring av driftsnivået i økonomiplanperioden målt mot årsbudsjett 2008. ( - er meirutgifter/mindre inntekter, + er meirinntekter/mindre utgifter)

	2009	2010	2011
Valutgifter	130		130
Kundetorg, auka utgift pleie og omsorg	-1 500	-1 500	- 1 500
Psykiatritilskot	1 500	1 500	1 500
Legetenesta, endra utgift grunna befolkningsauke	-60	-125	-190
Ikt , periodiske lisensar		-400	0
Ny ungdomsskule Nordbygda	-600	-1 675	-1 700
Skatt	5 100	10 300	15 500
Rammetilskot med inntektsutjamning	4 200	7 500	9 100
Vatn/avlaupe inntekter, netto til dekning av rente og avdrag	4 191	8 534	12 480
Rente og avdragskompensasjon	525	325	0
Momskompensasjonsinntekter	-14 000	-14 000	-14 000
Avdrag ordinære lån	-3 624	-7 809	-10 704
Renteutgifter	-7 368	-11 610	-14 066
Renteinntekter, kapital og utlån (startlån)	1 100	1 700	2 300
Premieavvik, amortisering	-998	-2000	-3000
Overført til investeringsrekneskapen	8 200	8 200	8 200
Driftsresultat ( overskot+,underskot - )	- 3 319	-925	3 925

Grunnen til negativt resultat er omlegging av momskompensasjonsordninga. Underskotet i 2009 og 2010 kan dekkast av fond.

## Investeringsbudsjett 2008 – 2011

### Innleiing

Rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2008 – 2011 byggjer på den vedtekte økonomiplanen for 2007 – 2010, samt sektorplanar som skulebruksplan, eldreplan og vatn og avlaupsplan. Det vert elles synt til det som står under innleingga , og under rammeføresetnader og finansieringsutgifter og inntekter.

Den totale investeringsramme er på 449,1 mill kr i økonomiplanperioden. Av dette utgjer investeringar innan avgiftsområdet 188,1 mill kr. Desse investeringane er lånefinansierte og låneutgiftene vert dekkja av avgiftene.

Det er ikkje lagt inn nye investeringar som skal finansierast av frie inntekter i økonomiplanen. Ny ungdomsskule i Nordbygda er lagt inn i investeringsplanen med 93 mill kr. Frå før er det sett av 9 mill kr.

Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal ( inkl meirverdiavgift ). For nærare detaljar vert det synt til vedlegg til økonomiplanen.

### Framlegg til investeringar 2008 – 2011

Framlegg til investeringar pr. tenesteområde ( tal i heile tusen kr.)

	2008	2009	2010	2011	2008-2011
Administrasjon og fellesfunksjoner	8 650	9 200	7 200	6 100	31 150
Bustad / Næring / utbygging	1 720	720	2 920	2 420	7 780
Skule og barnehage	38 300	61 000	17 600	31 800	148 700
Helse og sosial	9 000	1 200	1 200	1 400	12 800
Kyrkje	2 000	6 600	8 650	800	18 050
Kultur, idrett, grøntanlegg	5 505	5 137	3 100	3 390	17 132
Tekniske anlegg	9 750	5 880	4 880	4 880	25 390
Vassverk	30 755	32 650	28 690	13 500	105 595
Avlaup	24 715	22 175	22 175	13 475	82 540
<b>Samla investering</b>	<b>130 395</b>	<b>144 562</b>	<b>96 415</b>	<b>77 765</b>	<b>449 137</b>

### Administrasjon og fellesfunksjonar

I planperioden er det ført opp samla investering på 31,1 mill kr. Dette er knytt til investeringar i IKT 24 mill kr, og miljøtiltak i alle administrasjonsbygg samt utskifting vindu kommunestyresal og arkiv i rådhuset.

### Bustad/næring/utbygging/sentrumsutvikling

Total investeringsramme er 7,8 mill kr. Planleggings og utgreiingsmidlar til Heiane vest samt gjennomføring av park og gangveg Bandadalen

### Skular og barnehagar

Det er gjort framlegg om investering på 148,7 mill kr i perioden. Ny ungdomsskule Nordbygda med 93 mill kr er den største investeringa. Opprustning av Stord ungdomsskule er det førebels sett av 25 mill kr til i 2011. I tillegg er det sett av årleg 2,5 mill kr til innemiljøtiltak og enøktiltak i skule – og barnehagebygg.

### Helse og sosial

Det vert lagt opp til investering for 12,8 mill kr i helse og sosialsektoren i planperioden.

Sosiale bustader er ikkje medtekne i denne ramma då dei kan organiserast utanom kommune si investeringsramme. Det samme gjeld bygging av kommunalt produksjonskjøkken.

### **Kultur, idrett og grøntanlegg**

Framlegg til investering innan sektoren på 17,1 mill kr.

Rådmannen har i sitt investeringsopplegg for idrettssektoren i hovudsak lagt til grunn dei prioriteringar og forskotteringar som er gjort i samråd med idretten sine organ.

I hovudsak er løyvingane til idrett basert på alt inngåtte avtalar om tilbakebetaling av forskotteringar av anlegg som alt er gjennomført.

Rådmannen har hatt møte med representantar frå Idrettslaget Solid der planar om bygging av fleirbrukshall med fullskala handballbanar vart presentert. Bygget er tenkt plassert i nærleiken av Solidhuset. Kostnadane er førebels ikkje fastsett, men vil truleg verta mellom 20-27 mill kroner. Det er ikkje innarbeidd investeringsløyving på dette prosjektet i økonomiplanperioden.

### **Kyrkje**

Det er sett av 18 mill kr til kyrkjeleg føremål. Hovudinvesteringa er opparbeiding av ny gravplass i 2009/2010 slik at den er ferdig i 2011.

### **Tekniske anlegg, vegar**

Framlegg til investering er på 25,4 mill kr.

To vegprosjekt er planlagt gjennomført i perioden: Øvre Borggata 3,5 mill kr og vegløyving ny ungdomsskule 2 mill kr.

Det er elles sett av 2,2 mill kr tiltrafikkisikring og 9 mill kr til veganlegg. 4 mill kr er sett av til flyplassen.

Det er tre større fylkesvegprosjekt i kommunen som må prioriterast gjennomført. Dette gjeld Fylkesveg 70 Jensanesvegen, fylkesveg Verftsvegen og fylkesveg Rommetveitsvegen.

Samla investering er anslått til over 50 mill kr.

Det vert vist til vedlegg til økonomiplanen som omhandlar dette nærare.

### **Vatn og avlaup**

Det er framlegg om å investere for 105,6 mill kr i vassforsyninga til kommunen og for 82,5 mill kr til avlaupssektoren.

Investeringane innanfor avgiftsområda, vassforsyning og avløp, er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane (kommunedelplanane) - hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn- og avløpsanlegg.

Kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning revidert og godkjent av kommunestyret i 2006.

Investeringane vert dekkja av avgiftene.

### **Finansiering**

Tabellen syner korleis investeringane vert finansiert.

	<b>2008</b>	<b>2009</b>	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2008- 2011</b>
Overføring frå drift	8 200	0	0	0	8 200
Statlege overføringar	700	400	400	200	1 700
<b>Bruk av lån</b>					0
Låneopptak finansiert over drift	51 645	69 135	35 190	40 390	196 360
Lån kyrkje med statleg rentedekning	1 600	1 600	800	0	4 000
<b>Lån frie investeringar</b>	<b>53 245</b>	<b>70 735</b>	<b>35 990</b>	<b>40 390</b>	<b>200 360</b>
Sal av eigedom/bruk av fond/momskompensasjon	12 780	18 602	9 160	10 200	50 742
<b>Sum finansiering frie investeringar</b>	<b>74 925</b>	<b>89 737</b>	<b>45 550</b>	<b>50 790</b>	<b>261 002</b>
Låneopptak avgiftsområdet	55 470	54 825	50 865	26 975	188 135

<b>Samla finansiering</b>	<b>130 395</b>	<b>144 562</b>	<b>96 415</b>	<b>77 765</b>	<b>449 137</b>
---------------------------	----------------	----------------	---------------	---------------	----------------

I tillegg til lån til investeringar tek kommunen opp startlån til vidareutlån (Husbanken) med 10 mill kr pr år. Kommunen har ikkje utgifter til desse låna.

### **Finansiering frå drift**

Ny ungdomsskule vert finansiert med 8,2 mill kr overført frå drift i 2008.

### **Statlege overføringar**

Statlege overføringar er spelemidlar til nærmiljøanlegg.

### **Låneopptak**

Kommunen sine investeringar er i stor grad lånefinansiert. I perioden ligg det inne ei lånefinansiering på 87 % av totale investeringar. 48% av låneopptaket er til finansiering av avgiftsområda og vert dekkja av avgiftene.

### **Sal av eigedom/bruk av fond**

Rådmannen legg opp til å nytte 19 mill kr av fond /sal av aktiva til å gjennomføre investeringsprogrammet i perioden.

### **Momskompensasjon**

Det er lagt opp til at momskompensasjonen skal finansiere investeringar i 2009 -2011 med 31 mill kr

### **Tempo i gjennomføringa av investeringane**

Dersom element i rådmannen sitt finansieringsopplegg vert svekka, vil dette føre til at prosjekter må skuvast ut i tid. Investeringar vil ikkje bli sett i verk før finansieringa er på plass.

## **KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSPROGRAMMET 2008-2011**

### **Generelt**

I høve vedteke budsjett for 2007 og økonomiplan for 2008-2011 er prosjektkostnadene lagt inn med 10 % auke. For nokre prosjekt er kostnadsramma auka meir enn 10 % etter nærare gjennomgang av kostnadsramma. For nye tiltak er juliprisar 2007 lagt til grunn for kostnadstala. Postane for grunnkjøp, nærmiljøanlegg og park og friluftareal er ikkje prisjustert. Bygg og anleggsprisane er i dag grunna høgt aktivitetsnivå sterkt aukande.

### **Tenesteområde 1 Administrasjonsbygg**

Det er sett av kr 2,7 mill i perioden til ulik tiltak på rådhuset.

Tiltak på rådhuset:

- Skifting av vindauge
- Arkiv kjellar

I tillegg er det sett av kr 1,1 mill pr år i perioden til innemiljøtiltak, enøk og brannsikring av administrative bygg. Deler av desse midlane er tenkt nytta til enøk og innemiljøtiltak i rådhuset.

Rådmannen ønskjer i 2008 å få vurdert ei modernisering av kommunestyresalen. I tillegg vil det bli utarbeidd ein enøk/innemiljø – rapport for rådhuset.

### **Tenesteområde 2 Bustad/næring/utbygging**

#### **Utbyggingsområde**

##### **Bustadfelt Rukjen/Sagvåg**

Området er lagt til rette med tilkomstveg, vatn, avløp, straum, tele mv fram til ny skule i området. Stord kommune eig store delar av Rukjen-området, og det ligg føre godkjent reguleringsplan for heile arealet. Utanom skule er det planlagt utbygging av ca 190 bustader.

Utbyggingsområde i Rukjen vert lyst ut for sal på den opne marknaden og selt under eitt eller delareal. Ved sal skal det inngåast bindande utbyggingsavtalar med kjøpar som pliktar kjøpar til å stå for infrastrukturbygging av området.

#### **Sentrumsutvikling**

Framlegg til revidert kommunedelplan for Leirvik (sentrumsplanen) forventast slutthandsama i kommunestyret 18. okt. 2007. I planen ligg det store utfordringar med omsyn til å få til eit attraktivt, funksjonelt og triveleg Sentrum. Kommunen lyt konsentrera seg om å fastleggja overordna planrammer og i samarbeid med vegvesen/fylkeskommune/utbyggjarar særleg å vera pådrivar for å byggja ut nødvendig infrastruktur som vegar og gater, kollektivtrafikkterminalar, parkeringsanlegg, parkar, leidningsanlegg, breiband m.m.

I gjeldande økonomiplan er desse prosjekta nemnde:

- Øvre Borggata/Jens Hystads veg
- Bandadalsparken
- Sagvåg Sentrum
- Gangveg mellom Bandadalen og Kringsjø
- Park ved Kulturhuset/Amfi
- Tusenårsplassen på Torget

I tillegg peikar kommunedelplanen på fleire viktige oppgåver som kommunen må følgja opp. Her skal særleg nemnast:

- Detaljplanlegging av terminalløysing for busstrafikk og innpassing av busslommer og oppstillingsplass for drosjar i Sentrum.
- Reguleringsplan for næringsområdet i Sæ med oppgradering av Rv 544 med gang/sykkelvegar, avkjørsel frå næringsområda, tekniske anlegg m.m.
- Trafikkløysing for kvartalet Amfi/Kulturhuset og utviklingsplan for kvartalet.
- Reguleringsplan for ny tilkomst til Sponavik, utviding av campingplassen med innpassing av strandpromenaden frå Moloen til Sponavik.
- Parkeringsplan for Sentrum
- Plan for miljøprioritert oppgradering av rv 544 gjennom Sentrum med turvande konsekvensutgreiing.
- Offentleg toalett
- Vidareutvikling av Leirvik hamn for båtturisme med auka kapasitet og servicetiltak.

Fleire av desse planleggingsoppgåvene må finansierast i form av spleiselag med andre aktørar. Det er sett av 0,88 mill kr til dette i budsjettet.

For Øvre Borggata/Jens Hystads veg har ekstern landskapsarkitekt laga forprosjekt for utbygging av denne delen av Leirvik sentrum. Kalkyle syner ein samla kostnad på kr 13.3 mill, herav 3,5 mill kr for opparbeiding av veganlegg, utbetring/fornyng av vatn- og avløp inkl. toppdekk med kr 9,8 mill. kr 3.0 mill vart løyvd i 2007 og restsummen kr 6.8 mill i 2008 til utbetring av VA - anlegga. Når forprosjektrapport ligg føre og kostnader kvalitetssikra, vil det verta lagt fram ei sak for politisk handsaming. Saka vil innehalda forslag til kvalitet/omfang av utbygginga, kostnadsramme og framdrift. Det er venta bygggestart seinhausten/vinteren 2007/2008.

Det er utarbeidd anbudsgrunnlag opparbeiding av parken i Bandadalskvartalet. Attståande arbeid er kalkulert til 3.3 mill kroner.

Gangveg mellom Bandadalen og Kringsjø skal binda saman Bandadalsparken og parkområdet ovanfor Stord sjukeheim. Gangvegen er ca 200 meter lang og har ein kostnad på kr 1.1 mill. Det er sett av investeringsløyvingar til ferdigstilling av Bandadalsparken og gangveg frå Bandadalen til Kringsjø. Samla er det sett av 4,4 mill kr til dette i 2010 og 2011.

Det er i samarbeid med Amfisenteret utarbeidd planar for felles park/uteareal mellom Kulturhuset og Amfisenter. Det vert og vurdert vidare utviding av senteret. Samla kostnad for opparbeiding av parken er om lag kr. 4,5 mill. Det vert drøfta med Amfi senter ei mogeleg finansiering/forskotteringsordning av den kommunale delen. Dette vil verta teke opp som særskilt sak når finansieringa er avklart.

Oppgradering av Torget med tekniske anlegg, utsmykking o.l. er kostnadsrekna til omlag kr 9.5 mill (2005-kroner). Private næringsdrivande i sentrum har i samarbeid med kommunen også utarbeidd forprosjekt for parkeringshus under torget.

### **Næringsområde Heiane Vest**

Reguleringsplanen for Heiane Vest er no godkjend. I planen inngår også rehabilitering av Meatjødno med tilhøyrande parkområde. Rehabiliteringsarbeidet av tjødno er føresett kosta av vegvesenet.

Kommunen tek sikte på å inngå intensjonsavtalar etter offentleg utlysing med aktuelle utbyggjarar før utbygging. Målsetjinga er å gjennomføra grunnforhandlingar hausten 2007 og nødvendig anbudsinnhenting for første utbyggingsetappe våren 2008. Det er i 2007 avsett i første omgang 1 mill til prosjektering, anbudsinnhenting, oppfølging av grunnforhandlingar m.m. for å klargjera prosjektet. Planleggingsarbeidet pågår og det vert føreslått avsett 1 mill kr i 2008 til oppfølging av arbeidet. Rådmannen vil seinare fremja ei særskild sak om finansiering og utbygging av området med sikte på at anleggsstart skjer hausten 2008. Det er ikkje innarbeidd vidare investeringar for dette prosjektet i økonomiplanen.

## **Grunnkjøp**

Det er sett av 1,5 mill kr i perioden til grunnkjøp. Løyvinga skal dekke tilfeldige grunnkjøp som måtte oppstå i året.

## **Tenesteområde 3 Skular og barnehagar**

### **Innleiing**

#### *Nye skulebygg*

I forstudierapport av 27.02.01 er skuleutbyggingane prioritert slik i tråd med vedteken skulebruksplan:

Tilbygg/ombygging Leirvik skule

Ny skule i Sagvåg - (1-7-1 parallell)

Ny ungdomsskule i Nordbygdo (Prestegardsskogen) – (8-10-3 parallellar)

Ombygging/rehabilitering Stord ungdomsskule

Ny barneskule i Kårevik (Kåreviksmarka) – (1-4-1 parallell)

### **Ombygging Leirvik skule**

Planlagt utbygging ved Leirvik skule er ferdig. Skulen har ynskje om utbertingar av den gamle delen av skulen, for å tilpassa den endra undervisningsopplegg. Det lagt inn kr 2,2 mill til dette i 2010.

### **Rommetveit skule**

Rommetveit skule er oppgradert i tråd med vedtak i skulebruksplan med unnatak for opprusting av uteareal. Aktuelle tiltak er tursti/hinderløype (nærmiljøanlegg), utviding av leikeareal, amfi ved ballbane og ballvegg. Ein del grøntområde er vanskeleg å halda grunna dårleg jord (leire). Her kan det enkelt laga steinrøyser av rullesteinar eller sitjeplassar på større steinblokker. Med dette oppnår skulen fleire fordeler på ein gong: Mindre vedlikahald, utfordrande klatreområde og plassar til kvile. Det er lagt inn kr. 1.1 mill i 2010 til nemde utomhusanlegg.

### **Litlabø skule**

Litlabø skule manglar rom for heimkunnskap og har i alle år måtta senda elevane til andre skular. Som mediatek har dei ei eldre brakkeløysing og spesialromma elles treng opprusting.

Samla utbygging er stipulert til 11.0 mill kr.(2006-kroner). Det er lagt inn kr 3.3 mill i 2010 til diverse utbetringar av Litlabø skule.

### **Hystad skule**

Skulen får auke i elevtalet framover. 1 byggetrinn er ferdig og vart teken i bruk i haust.

Byggjetrinn 2 gjeld paviljong og undervisningsbase for 75 elevar, i alt 420 m<sup>2</sup>

Dette er lagt inn 3,5 mill kr i 2011 til dette med ferdiggjering i 2012.

Rehabilitering av taket på skulen er lagt inn i 2010 med 2,5 mill kr.

Skulen manglar mediatek, og treng oppgradering/utviding av spesialrom, garderobar for tilsette og personalrom .

### **Langeland skule**

Elevtalsauken hausten 2008 er 22 elevar når dei som fer til Stord ungdomsskule er trekt frå. Frå 2009 og utover går elevtalet noko ned att. Dersom ein ser Langeland og Leirvik skule samla, er det nedgong på elevtal frå 2007-08 til 2011-12 på 35. Elevarealet er knapt frå før, og det er ei utfordring på kort sikt og handtera elevtalsauken frå hausten 2008.

Kortsiktig løysing på Langeland skule kan mellom anna vera og nytta ut eksisterande areal optimalt og gjera visse tilpassingar ved skulen.

Rådmannen vurderer det slik at den mest fornuftige langsiktige løysinga, er å byggja ny skule i Kårevikmarka slik at elevane frå 1. til 4. klasse i nærområda Kåreviksmarka-/Hornelandsvågen mv kan få skuletilbod i denne nærskulen. Ein 1-4 skule vil ha eit areal på ca 1300 m<sup>2</sup> til ein kostnad på ca 36,0 mill (2007-kr). I reguleringsplanen for Kåreviksmarka er det sett av turvande areal for ein 1-4 skule.



Saka må følgjast opp i budsjettet i åra frametter, og vil bli nærare vurdert i revisjon av skulebruksplanen.

### **Investering ungdomsskulane**

For ungdomsskulane i Stord er det lagt fram ein forstudierapport som kommunestyret har handsama. Konklusjonen i rapporten er at det vert bygd ny ungdomsskule i Nordbygdo i eit byggjesteg (full utbygging) basert på planane utarbeidd av Link arkitektar AS. Rapporten konkluderer også med at Stord ungdomsskule vert rusta opp etter at ny ungdomsskule står ferdig i Nordbygdo. Tilslutt vert Nysæter ungdomsskule oppjustert slik at kvar sone får nokolunde likeverdige læringsareal.

### **Stord ungdomsskule**

Det er lagt inn kr 1.1 mill i 2010 til planlegging av vidare rehabilitering av SUS og 25 mill kr i 2011 til opprusting. Vidare ombygging/rehabilitering må sjåast i samanheng med realisering av Nordbygda ungdomsskule.

Det vil vere ei utfordring å få gjennomført naudsynt rehabilitering av denne skulen då lånegjelda etter bygging av Nordbygda ungdomsskule vert svært høg.

### **Nordbygda ungdomsskule**

Kommunestyret vedtok i samband med handsaming av økonomiplan for 2007 – 2010 å byggje ny ungdomsskule i Sagvåg innan ei kostnadsramme på 100 mill kr. Det er henta inn anbud og leverandør for utbygginga er valt. I eiga sak til Kommunestyret den 18.10.2007 vert det lagt opp til utbyggingsvedtak innan ei kostnadsramme på 102 mill kr for ungdomsskulen.

Det er tidlegare år løyvd 9 mill kr og i denne økonomiplanen vert det lagt opp til finansiering av 93 mill kr i 2008 og 2009 med hhv 35 mill kr i 2008 og 58 mill kr i 2009.

### **Nysæter ungdomsskule**

Ventilasjonstilhøva ved Nysæter ungdomsskule er for deler av bygningsmassen ikkje tilfredstillande. Det er sett av kr 4.4 mill i 2010 til utbetring av ventilasjonsanlegget.

### **Brann, innemiljø, enøk i skular og barnehagar**

Det er oppført med kr. 2.5 mill kvart år i perioden til betring av innemiljø, brannsikring og enøktiltak på kommunale skular, barnehagar og institusjonar. Tiltaka vil medføra reduserte FDV-kostnader for dei aktuelle bygga.

#### *Energisparing i kommunale bygg;*

Eining for tekniske tenester har i dag utbygd sentral driftovervåking i utvalgte bygg. Denne type anlegg gir oss energisparing i form av nattsinking av varme og ventilasjon, samt overvåking og kontroll av maks forbruk av energi. Denne type anlegg gir også moglegheit for samanlikning av energiforbruket med forbruk i tilsvarende bygg på landsbasis. Nøkeltall frå ENOVA syner til dømes at energiforbruket for skulebygg i Stord kommune ( $155\text{kwh/m}^2$ ) er mindre enn landsgjennomsnittet ( $191\text{kwh/m}^2$ ) for denne type bygg. Denne type overvåking blir inkludert i alle nybygg i Stord kommune.

Totalt energiforbruk i Stord kommune var for 2006 på 16 mill. Kwh.

Prioriterte områder framover for ytterligare energisparing inkluderar:

- installere sentral driftovervåking (SD-anlegg) i alle nybygg i Stord kommune
- oppruste alle eksisterande kommunale bygg med SD-anlegg
- fornye ventilasjonsanlegg, vindauge og tak for den eldre bygningsmassen

Me vil ha stor fokus på dette og vil også vurdere tiltak opp mot offentleg støttetiltak for energisparing.

## Tenesteområde 4 Helse og sosial

### Nytt produksjonskjøken

Rådmannen legg opp til at nytt produksjonskjøken skal byggjast i kommunal regi ( jmf. LEV sak 35/07 ) utan at netto budsjettet til kommunen vert auka. Rådmannen vil kome attende til dette i eiga sak.

### Knutsaåsen, ventilasjon

Det er lagt inn 1,8 mill kr til ventilasjon mm ved sjukeheimen/Knutsaåsen. Samla løøyving vert 3,3 mill kr.

### Helsestasjon

Rådmannen har ikkje funne midlar til å byggje ny helsestasjon knytt til Nordbygdo ungdomsskule i 2008. Avklaring på framtidig lokalisering av helsestasjon må gjerast i året som kjem. Det kan verta aktuelt å vurdere frigjering av plass i andre kommunale lokale

### Kommunale bustader;

Det er sett av 1 mill kr til rehabilitering/oppgradering av kommunale bustader kvart år framover.

Stord kommune har i dag 150 stk. kommunale bustader. Gjennomsnittsalderen for desse bustadane er om lag 25 – 30 år.

Ein har nå gjennomført tilstandsanalyse på bustadane. Tilstandsanalysen syner eit stort etterslep på vedlikehaldet. Dersom me ikkje tar ansvar for det dokumenterte forfallet vil ein på sikt måtte pårekne fråflytting og ei betydeleg reduksjon av leigeinntekter og realverdi av bygningsmassen.

Det manglande vedlikehaldet kan reknast i snitt til kr. 150 000,- pr bustad. Dette gir ei mogleg rehabilitering av ca. 7 bustader i året. Dette vil gi bustaden eit oppgradering til ein akseptabel standard.

Det er i dag allereie dokumentert gjennom bustadsosial handlingsplan at det er mangel på kommunale husvære for utleile til vanskelegstilte.

### Bustader til funksjonshemma

I kommunen er 29 yngre funksjonshemma som vil få behov for bustad. Dersom ein reknar 18 år som normal tid for å flytte for seg sjølve, er det 15 personar frå 18 år og opp til 43 år som har behov for bustad. Ikkje alle er like aktuelle med ein gong, men dei fleste er aktuelle på sikt. Det er 5 personar som er frå 15 til 17 år gamle, og 7 personar som er frå 11 til 14 år gamle. Tallene er noko usikre, me veit ikkje om alle som treng bustad er registrerte.

Det er eit ynskje å sette saman grupper av yngre funksjonshemma som kan bu saman.

Ved at kommunen byggjar og leigar ut bustadane til personar i målgruppa vil ein få momsfratak og 20 % tilskot frå Husbanken. 60 kvadratmeter til ein pris av kr 25 000 pr kvadratmeter gir totale byggekostnader på kr 1 500 000, minus momsrefusjon og tilskot frå Husbanken = kr 900 000 pr bustad. Fellesrom kjem i tillegg, dersom ein bereknar fellesareal på 40 kvadratmeter for 4 bustader er det 250 000 på kvar bustad (fellesstue, lagerrom m.m.). Altså ein pris pr bustad på ca 1 200 000.

Det vil bli fremma eiga sak om lokalisering og utbygging av slike bustader. Bustadane er sjølvfinansierande gjennom tilskot og husleige. Det er sett av 0,5 mill kr til planlegging.

### Psykiatribustader

Det er også under planlegging bygging av 5 psykiatribustader i Apalvegen knytt til eksisterande burettslag. Kommunen har fått tilsegn om statlege midlar til prosjektet og dette vil saman med innskot og husleigeinntekter finansiere prosjektet. Det vert lagt opp til at dei ferdige husværa skal overførast til Apalvegen burettslag. Prosjektet vil berre belaste kommunen sitt budsjett med mellomfinansiering.

## Tenesteområde 5 Kyrkja

### Stord kyrkje

Stord kyrkje feira 150 års jubileum i 2007, og Fellesrådet har bedt kommunen setja av midlar til naudsynt rehabilitering av kyrkja. Konsulentfirma Castor Kompetanse har etter oppdrag frå Fellesrådet utarbeidd ein tilstandsanalyse for Stord kyrkje med kostnadskalkylar for ulike tiltak, fordelt som strakstiltak og meir langsiktige tiltak. Investeringane for utbetring av Stord kyrkje er drøfta og ført opp i samsvar med kyrkja sine egne prioriteringar. Samla har kommunen løyvd 7,8 mill kr til dette.

Det er sett av til rehabilitering av Stord kyrkje - kr 4.0 mill – 1,6 mill kr årleg i 2008 – 2009 og kr 0,8 mill i 2010. Kommunen har søkt om rentekompensasjon og har fått tilsagn om dette. Staten dekker rentene av lån til rehabilitering av kyrkja.

### Nye gravplassar

Fellesrådet har også peika på trongen for kyrkjegardsutbyggingar både for Nysæter sokn og Stord sokn, samt opparbeiding av nytt gravfelt på Huglo. Sikre kostnadstal kan først setjast opp når detaljplanlegginga er gjennomført.

- **Stord sokn.** Det er behov for at ny kyrkjegard med omlag 1500 graver kan takast i bruk frå 2011. Arbeidet med å vurdere ulike alternativ har starta opp og formannskapet har i møte 23. 05. i samband med handsaming av forstudierapport, vedteke å vidareføra planleggingsarbeidet for kyrkjegard i Frugarden. Det er og vedteke å planleggja parallelt eit alternativ på Kattatveit. Tekniske utgreiningar vil liggja føre første halvår 2008. Førebels er samla investering anslått i storleiksorden kr 15 mill som er føreslått budsjettert slik: kr 1 mill i 2007 til detaljplanlegging m. m. Kr 5 mill til opparbeiding /grunnverv i 2009 og kr 9 mill i 2010 til slutføring av anlegget.
- **Nysæter sokn.** Det er behov for ny kyrkjegard med 500 graver som kan takast i bruk 2013. Dette vil bli gjennomført etter denne økonomiplanperioden.
- **Huglo gravplass.** Det er aktuelt å leggja til rette for 80 nye graver innan for dagens område. Det vert føreslått avsett kr 800 000 til dette føremålet i 2010.

## Tenesteområde 6 Kultur og idrett

### Kulturhuset

#### Rehabilitering/bygging

Rehabilitering av basseng er gjennomført. Det er sett av kr 0.6 mill i 2008 til lys i symjehallen.

### Kulturhuset, utviding og ombygging bibliotek, kulturskulen og administrasjonslokale

Det er utarbeidd planar for ombygging av administrasjonslokala, kulturskulen og biblioteket i kulturhuset. Midlar til dette har lagt inne, men deler av dei vart i budsjettvedtaket for 2006 og budsjettrevisjonen 2007 "lånt" til andre føremål. Midlane vert ført tilbake i 2009.

### Kulturhuset, ventilasjon kinosal og symjebasseng

Ventilasjonsaggregatet som dekker kinosalen er gammalt og ikkje utstyrt med varmegjenvinnar og regulering av omluftfunksjonen fungerer ikkje tilfredstillande. Nytt anlegg vil gje eit sparepotensial på ca 85.000 kwh pr år. Nytt anlegg vil kosta kr 0.7 mill. Ventilasjonsanlegget i symjehallen vart installert i 1995 med varmepumpesystem for gjenvinning. Ytterlegare enøk-tiltak på dette anlegget vil gje marginal energisparing. Det er ikkje lagt inn investeringsmidlar til ventilasjonsanlegga for kinosal og symjebasseng. For kinosalen vil rådmannen i løpet av 2007 vurdere om dette anlegget også bør fornyast/utskiftast.

### Fyrøya – bygging av lendingsplass mv

Kommunen har kjøpt Fyrøya for kr 777.100. Det er sett av kr 1.6 mill i perioden til utbetring av lendingsplass mv. Det vert søkt Direktoratet for naturforvaltning om dekning av 50 % av kjøpesummen og utbetningskostnader.

## **Idrett**

### **Generelt**

Rådmannen har i sitt investeringsopplegg for idrettssektoren i hovudsak lagt til grunn dei prioriteringar og forskotteringar som er gjort i samråd med idretten sine organ. I hovudsak er løyvingane til idrett basert på alt inngåtte avtalar om tilbakebetaling av forskotteringar av anlegg som alt er gjennomført.

### **Rehabilitering gamlehallen på Vikahaugane**

Midlane til rehabilitering Gamlehallen skal i samsvar med Kommunestyret sitt budsjett vedtak for økonomiplanperioden 2006 – 2010 sjåast i samanheng med bygginga av administrasjonsbygget. Det er sett av 3.7 mill til dette fram til 2010.

### **Lån av kraftsalfondet**

Kommunen sitt kraftsalfond har vert nytta til utlån til lag og organisasjonar som forskottering av kommunal løyvingar. Følgjande prosjekt har lån der kommunal løyving ligg inne i økonomiplanen:

Vikahaugane kunstgrasbane	0,60 mill kr
Friidrettsbane Vikahaugane	0,34 mill kr
Hystad kunstgrasbane	0,82 mill kr
Tennisbane	0,20 mill kr
Sikring skeisebane	0,21 mill kr
Kunstgrasbane Prestegardsskogen	1,95 mill kr

### **Nærmiljøanlegg / Ballplassar**

Det er sett av kr 0.4 mill pr år i perioden – i alt kr 1.6 mill. 50 % av dette vert dekt av tippemidlar. Midlane er tenkt nytta som eigenandel for nærmiljøanlegg/ballplassar. Eksempel: Ballbingar, motocrossløyper, skateboardanlegg, ballplassar ved skuleanlegg, klatreveggar, tennis/badmintonbanar mv.

### **Park og friluftareal**

Det er lagt inn i budsjettet 0,8 mill. kr. i perioden for tiltak innan park og friluftareal. Det vert elles vist til tenesteområde 2 Bustad/næring/utbygging.

## **Tenesteområde 7 Tekniske anlegg**

### **Kommunale vegar**

Det er i økonomiplanperioden sett av 16.69 mill kr til kommunale vegføremål. Sjå også tekstdel under teneste område 2 Bustad/næring/utbygging der prosjektet ØvreBorggata/Jens Hystads veg er omtala.

Trafikksikring er ført opp med kr 0.55 mill pr år - totalt kr 2,2 mill i perioden. Prioritering vert gjort i samsvar med vedteken "Trafikksikringsplan for Stord kommune" (kommunedelplan).

Trafikksikringsplanen vil bli revidert i 2008.

Den kommunale delen av løyvinga er ført opp i økonomiplanen. I tillegg kjem staten sitt bidrag som normalt er 50% av anleggskostnadene.

Nærare prioritering av midlane vil bli fremja for Komite for miljø og kultur.

### **Podlen Bru**

Næringslivet i Grunnvågen har satt fram krav om ny bru. Det vert i løpet av hausten lagt fram ein forstudie med kostnads kalkyle for tiltaket. Det er ikkje sett av midlar til dette.

### **Ny veg/oppgradering veg Almås innmark**

Reguleringsplanen for Almås innmark vart vedteken våren 2007. Området omfattar 120 tomter. Før vegen vert opprusta er det ikkje opna for bygging på desse tomtene.

Rådmannen vil i løpet av 2008 legge fram ei vurdering av kostnader og korleis prosjektet kan finansierast.

### **E39**

**Ungong på Grov** har høgast prioritet av trafikksikringstiltak i Stord kommune. Tiltak på E39 går fram av kommunedelplan trafikksikring. Reguleringsplan er godkjent. Planlegging, finansiering og utbygging av tiltak på E39, herunder trafikksikring, er i hovudsak Statens Vegvesen sitt ansvar.

### **Riksvegar**

Tiltak på riksvegar går fram av kommunedelplan trafikksikring. Finansiering, planlegging og utbygging av riksvegar, herunder trafikksikring, er Statens Vegvesen sitt ansvar.

### **Fylkeskommunale vegar**

Fylkeskommunen har ansvar for planlegging, finansiering og utbygging av fylkesvegar, herunder trafikksikring. Tiltak elles på fylkesvegar går fram av kommunedelplan trafikksikring.

Det er tre aktuelle prosjekt i kommunen:

FV 70 Jensanesvegen

FV 59 Verftsvegen

FV 57 Rommetveitvegen

Det vert elles vist til notat som omtalar desse tre prosjekta og som følgjer som eige vedlegg til økonomiplanen.

### **Stord lufthamn**

Stord kommune er medeigar i Stord Lufthamn A/S ( 79%). Kommunen er i hovudsak eigar av bygg og anlegg. Det vert i dag arbeidd etter ein investeringsplan der hovedinvesteringane er :

- Ny brannstasjon
- Nytt tårn
- Reasfaltering rullebane
- Reasfaltering taksebanar og oppstillingsplassar

Desse investeringane har ein berekna kostnad på 30 – 35 mill kr, jfr kommentarar i innleiinga.

Luftfartstilsynet har sett ein frist til 01.07.2007 for å byggje ein ny brannstasjon

Staten har løyvd 7 mill kr til bygging av brannstasjon.

Det er lagt inn kr 1.0 mill pr år i perioden som kommunen sin andel til finansiering av ovannemnde tiltak.

## **Tenestoområde 8 Avgiftsområda for teknisk utbygging**

### **Innleiing**

Investeringane innanfor avgiftsområda, vassforsyning og avløp, er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane (kommunedelplanane) - hovudplan for vassforsyning og hovudplan for avløp. Tiltak i desse planane er styrande for prioritert utbygging av vatn- og avløpsanlegg. Kommunedelplan for avløp er revidert i 2005, og kommunedelplan for vassforsyning revidert og godkjent av kommunestyret i 2006.

### **Vassforsyning**

Det er lagt inn følgjande summar til investering til vassforsyning i kommunen

**2008: 30,7 mill kr, 2009: 32,6 mill kr, 2010: 28,7 mill kr og 2011: 13,5 mill kr.**

Investeringane vil bli utført i samsvar med hovudplanane som kommunen har vedteke.

#### **Innan ramma vil følgjande tiltak i perioden bli prioritert/gjennomført**

- Høgdebassenga i Lundsåsen og Nysæter er sett av kr 12,5 mill Byggjstart 2007.
- Rehabilitering av hovudledning frå vasshandsamingsanlegget til nytt høgdebasseng er lagt inn i perioden med totalt 21,6 mill. kr. Dette prosjektet må sjåast opp mot den tryggleiken som nytt høgdebasseng utløyser, og skal vurderast i samband med slutthandsaminga av hovudplanen.
- Rehabilitering vassledning Vatnadalen – Stuvikjo er kostnadsrekna til kr 12,0 mill.
- Utbetring av reservevasskjelda i Ravatnet er kalkulert til 11,8 mill kr
- Vassledning Haugland-Vatnadalen er rekna til kr 6,0 mill
- Trygging av vassforsyning til Aker Kværner sine anlegg er rekna til kr 2,7 mill.
- Vassledning Verftsvegen 3,4 mill kr
- Leiðningsanlegg Sæverhagen – ny ungdomsskule vert utbygd som eit vatn og avløpsanlegg. Anlegget vert gjennomført som ei førebuing til utbygging av ny skule. Kostnadsramma er sett til kr 4,4 mill for vatn og avløp.
- Lekkasjesøking og rehabilitering er budsjettert med totalt kr. 8,8 mill i perioden.
- Vassverk Huglo er ført opp med kr 3,0 mill i 2008 som er restløyving for prosjektet jfr utarbeidd forprosjekt som har vore lagt fram for miljø- og kulturkomiteen.
- Til diverse mindre anlegg og prosjekteringar det sett av kr 4,0 mill i perioden.
- Sluttløyving til rehabilitering av vassleidingar i Øvre Borggata er lagt inn med kr 3,1 mill kr .
- Vassleidingar i Sagvågsområdet er ført opp med 1,2 mill kr.
- Rommetveit – Førlandskrysset sluttløyving 3,2 mill kr i 2008

#### **Avlaup**

*Konsekvens av ny forureiningsforskrift;*

Strategi og prioriteringar på avløpssektoren er fastlagt av kommunestyre i Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2004 - 2015. Stord kommune har i tillegg til bygging av avløpsreinseanlegg for resterande utslepp store utfordringar på fornying og utbetring av leiðningsnettet for avløp. Reduksjon av overløpsutslepp og flom er ein del av dei utfordringane Stord kommune står ovanfor og som også krev betydelig innsats frå kommunen.

Med heimel i § 11-3 bokstav k i forureinsingsforskrifta, kunne ein frå 1. januar 2007 søke om oppdeling av ein tettbebyggelse med over 10 000 personar, dersom ein kan dokumentere at utslepp ikkje påverkar kvarandre. Krava til reinsing av avløpsvatn vert då mindre omfattande og betre tilpassa lokale tilhøve . I Hordaland har kommunane Stord, Askøy, Fjell og Bergen sett i gong omfattande miljøundersøkingar for å framskaffe nødvendig dokumentasjon for søknad om oppdeling av tettbebyggelser.

I april 2007 gav Miljøverndepartementet SFT i oppdrag å utarbeide forslag til endring av forureinsingsforskrifta § 11-3, bokstav k, slik at det ikkje lenger skal vere mogleg å dele opp tettbebyggelser.

Dei endringar som nå er varsla grip sterkt inn i prioriteringar i Kommunedelplan for avløp og vedtatt budsjett og økonomiplan for sektoren. Inntil forureinsingsmynde og reinsekrav er avklara er ein på mange måtar i eit vakuum med omsyn til avløpshandteringa i Stord.

Dersom sekundærreinsing skal gjennomførers for tettbebyggelsen Leirvik får dette store konsekvensar for abonnentane i Stord kommune. Me anslår grovt investeringsbehovet til å vere i størrelsesorden 80 - 120 MNOK og driftskostnadene til 3-4 MNOK. For å sette dette i perspektiv inneber det samla handlingsprogrammet for planperioden 2004 - 2015 investeringar på til saman 112 MNOK. Stord kommune bygde så seint som i 2002 - 2003 nytt silanlegg for Leirvik i Djupavikjo og oppgraderte Kårevik reinseanlegg med reinsekrav basert på passande reinsing (sil med lysopning 1 mm). Dette i tråd med reinsekrav i utsleppsløyvet. Oppgradering av desse anlegga til primærreinsing vil etter vår vurdering ikkje ha noko vinning for miljøet.

NORVAR har på vegne av kommunane Stord, Askøy, Fjell og Bergen skriftleg gitt uttrykk for sin misnøye med dei varsla endringane i forurensingsforskrifta i brev til SFT og Miljøverndepartementet. Stord kommune avventar svar frå departementet på endeleg avklaring .

#### *Investeringar i perioden*

Det er lagt inn følgjande summar til investering i avløpsnett og reinseanlegg:

**2008: 24,7 mill kr, 2009: 22,2 mill kr, 2010: 22,1 mill kr og 2011: 13,4 mill kr**

#### **Tiltak i perioden :**

- Til kloakksanering i Sagvåg er det sett av i alt kr 13,9 mill i økonomiplanperioden. Det er gjennomført ein forstudie for prosjektet, og utarbeiding av forprosjekt er sett i gong. Den totale kostnadsramma er ikkje endeleg fastlagt. Avløpssanering av Jensanesvegen må sjåast i samanheng med vegutbetring, og gjennomførast som eit samla prosjekt for veg, vatn og avløp. Gjennomføringstidspunkt er avhengig av at vegutbygginga vert finansiert. Hordaland fylkeskommune har ansvar finansiering av vegutbygginga.
- Sluttløyving til rehabilitering av kloakkleidningar i Øvre Borggata er lagt inn med kr 3,7 mill
- Til investering i avløp i området frå Fjellgardane til Rommetveit er det ett av 21,55 mill kr i perioden. Første byggesteg vert strekninga frå Rommetveit til Fuglevik som er planlagt gjennomført i 2007/2008. I Fuglevik-området vert det lagt til rette for vassforsyning til Huglo via sjøleidning. Vidare utbygging frå Kyvik til Fjellgardane (2. byggesteg) vert utgreidd vidare.
- Leidningsanlegg Hjortåsen er lagt inn med kr 1,4 mill
- Avløpssanering Sætrevik er ført rekna til kr 2,7 mill.
- Reinseanlegg Knosterneset er tenkt gjennomført i 2009 og kostnadskalkulert til kr 6,6 mill.
- Rehabilitering, tilstandsvurderingar og diverse mindre anlegg er budsjettert med totalt 8,8 mill. kr. i perioden med ei jamn fordeling kvart år.
- Til diverse mindre anlegg og prosjektering er det lagt inn kr 9,9 mill i perioden
- Reinseanlegg Urastranda er ført opp med 7,7 mill kr

Stord kommune planlegg utbygging av kloakkanlegg i samsvar med utsleppsløyve gitt av fylkesmannen i Hordaland. Utbygging og prioritering av kloakkanlegg med hovudvekt på kloakkrensing skjer i samråd med konsesjonsmynde og vart drøfta i samband med revisjon av kommunedelplan for avløp.

Fylkesmannen har munnleg meddelt at det vil koma strengare reinsekrav på utsleppa til Stord kommune. Dette er ikkje teke omsyn til i tala i økonomiplanen.

## **Utstyrsbudsjettet**

Utstyrsbudsjettet byggjer på økonomiplanen for 2007 – 2010

Utstyrsbudsjettet syner investeringar i økonomiplanperioden 2008-2011 på 40,6 mill kr.

Dei fleste utstyrsinvesteringane er knytt til naturleg utskifting av utstyr som kommunen har i dag.

### **Administrasjon og fellesfunksjonar**

It-investeringa er oppfølging av økonomiplanen 2007-2010. Det er sett av 24 mill kr til investeringar i perioden 2008- 2011.

I tillegg til nokre nysatsingar, er det fornying av it-utstyr og programvareløysingar i samsvar med teknologisk utvikling og avskrivning. Årleg avskrivning av ikt-utstyret i kommunen er på om lag 4,0 mill kr.

Investering i ikt utstyr heng nøye saman med effektiviseringsarbeidet i kommunen.

### **Skular og barnehagar**

Det er årleg lagt inn 0,5 mill kr til kjøp av utstyr med mer ved skulane i kommunen. Investeringsløyving til barnehagane er på 0,6 mill kr .

### **Helse, pleie og omsorg og sosial**

Det er sett av 1 mill kr til utstyrsinvestering innan pleie og omsorgssektoren i perioden.

### **Kultur**

Naudsynt opprusting av kinosalen med i alt 2,8 mill kr i perioden (kinomaskin/lysrigg og nye stolar). Nytt flygel 0,7 mill kr er ført opp i 2010.

### **Tekniske tenester**

Det er sett av 0,3 mill kr til diverse utstyr i perioden. Dette er naudsynt for utskifting av beredskapsutstyr.

Til utstyr/maskinar/bilar på tekniske tenester er det sett av 3,2 mill kr.

Driftsutgiftene på feiemaskinen er store. Maskinen er 8 år, og har for liten kapasitet til å arbeida ute langs kommunale vegar. Ny feiemaskin er ført opp med 1,2 mill kr i 2008.

Det er lagt opp til ei reinvesteringssløyving innafor VAR området på samla 3,6 mill kr i økonomiplanperioden.